

NILF-rapport 2001–15

Til odel og eige

Odels- og asetesrettane gjennom eit millenium, med vekt på dei siste 250 ara

The Norwegian rights of «odel» and «sete» through the second millennium (ca. 1100–2000)

Brynjolv Gjerdåker



Tittel	Til odel og eige – Odels- og åsetesrettane gjennom eit millenium, med vekt på dei siste 250 år
Forfatter	Brynjulv Gjerdåker
Utgiver	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)
Utgiversted	Oslo
Utgivelsesår	2001
Antall sider	73
ISBN	82-7077-436-7
ISSN	0805-7028
Emneord	odel, åsete, slektsrett, konsesjonslov, jordlov

Litt om NILF

- Forskning og utredning angående landbrukspolitikk, matvaresektor og -marked, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innen landbruket; dette omfatter bl.a. sekretariatsarbeidet for Budsjettnemnda for jordbruket og de årlige driftsgranskingene i jord- og skogbruk.
- Gir ut rapporter fra forskning og utredning. Utvikler hjelpemidler for driftsplanlegging og regnskapsføring.
- Finansieres over Landbruksdepartementets budsjett, Norges forskningsråd og gjennom oppdrag for offentlig og privat sektor.
- Hovedkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

Forord

Odelsretten og åsetesretten er gamle rettar i Noreg. Ved fleire høve har desse rettane nære på blitt oppheva. Dette har ikkje skjedd, men innhaldet i dei har likevel vore endra mange gonger opp gjennom hundreåra. Også ved inngangen til dette hundreåret reiser mange spørsmål ved innhaldet i odels- og åsetesretten, t.d. kva jord skal det vere odel på, kva rettar og plikter skal odelspersonen ha?

Odelsretten og åsetesretten er døme på rettsinstitutt som regulerer eige av jord. Innhaldet i rettane har økonomiske betydning, ikkje berre for den som overtek jord, men også for seljarar og medarvingar og potensielle kjøparar utanfor slekta.

Endringar i odelsretten og åsetesretten er berre eitt av mange døme på endringar i og rundt jordbruket ved inngangen til eit nytt århundre. NILF har no eit strategisk instituttprogram innan foretaksøkonomi - Agromanagement. Programmet er finansiert av Noregs forskingsråd. Programmet har fokus på tilpassingar til m.a. endringar i rammevilkår for jordbruket. I ein tidlegare rapport har vi sett på strukturendringar i jordbruket dei siste 50 åra, og vi har vurdert årsaker til endringar. Vi har spesielt sett på faktorar som landbrukspolitikk, teknologiske endringar og forhold utanom jordbruket. Juridiske forhold er nemnde, men i liten grad. NILF fann det difor interessant å få utført ein analyse av odelsretten og åsetesretten i historisk perspektiv.

Brynjulv Gjerdåker har skrive rapporten. Finn G. Andersen, Ola Flaten, Agnar Hegrenes og Berit Rogstad har lese og kommentert utkast til rapport.

Som ei hjelp for dei som måtte vere interesserte i å studere diskusjonen om odels- og åsetesretten, har vi i vedlegg teke med avskrift av oppslaget «Odels- og åsetesrett» i hovudregister for Stortingsforhandlingar.

Oslo, november 2001

Leif Forsell

Innhald

ODELSRETTEEN I KRISER OG KONTINUITET GJENNOM 250 ÅR – OPPSUMMERANDE LINER OG KONKLUSJONAR.....	1
SUMMARY.....	5
1 FØREMÅL OG INNHALD.....	9
2 ODELSRETT OG ÅSETESRETT – INNHALD OG HISTORISK BAKGRUNN.....	11
2.1 Opphavet til omgrepet 'odel'.....	11
2.2 Odelsrett eller tilsvarende rettsinstitutt i andre land.....	12
2.3 Den norske odelsretten – grunntrekk med utgangspunkt i mellomalderlovverk.....	13
2.4 Åsetesrett.....	15
2.5 Tilhøvet mellom odels- og åsetesrett.....	16
3 100 ÅRS KAMP OM ODELSRETTEEN CA. 1760–1860.....	18
3.1 Rasjonalisme og liberalisme vs. bondefridom og patriotisme i siste del av 1700-talet.....	18
3.2 Eksistensiell krise: Forordning om odelsrett i 1811.....	20
3.3 Vendepunkt 1814.....	21
3.4 Lov om odelsretten og åsetesretten i 1821.....	22
3.5 Vedvarande strid om odelsretten.....	23
3.6 Siste frontalåtak.....	24
3.7 Næringsliberalisme, odels- og åsetesrett i 1850-åra.....	27
3.7.1 Åsetesretten i lys av arveretten.....	28
3.8 Bøndene 'kom' og berga odelsretten – konklusjonar.....	30
4 KONSOLIDERING CA. 1860–1940.....	32
4.1 – i nasjonsbyggingstider.....	32
4.2 – i bureisingsår.....	34
4.3 Hundre års konsolideringsutvikling – konklusjonar.....	36
5 ETTERKRIGSTID OG NYE LOVVERK PÅ LANDBRUKSSEKTOREN.....	39
5.1 Konesjons-, forkjøps- og odelsrett.....	40
5.2 Revisjonen av odelslova i 1974.....	42
5.2.1 Trengst ei odelslov?.....	42
5.2.2 Kva skal kvalifisera for status som odlingsjord?.....	42
5.2.3 Kor mange odelsrettshavarar?.....	43
5.2.4 Likestilling jente – gut.....	44
5.2.5 Bu- og driveplikt.....	46
5.2.6 Odelslovrevisjonen i 1974 – sluttcommentarar og konklusjonar.....	47
5.3 Konesjonslov, odelslov og driveplikt.....	49
5.4 Driftseiningar og driftsareal i jordbruket 1969–1999.....	50
5.4.1 Brukstal.....	50
5.4.2 Jordleige.....	50
5.4.3 Eigedomar og driftseiningar, eigarskap og odelsrett.....	51

5.5 Politiske reguleringsgrep gjennom ti år til 2001.....	52
5.6 Oppsummerande om hevdstida og foreldingsfristen frå mellomalderen til 1995.....	55
REFERANSAR	59
VEDLEGG	63

Odelsretten i kriser og kontinuitet gjennom 250 år – Oppsummerande liner og konklusjonar

Den norske odelsretten hadde sine pendantar i dei andre skandinaviske landa og i den germanske kulturkrinsen meir allment. I alle dei andre landa, Island unnateke, vart odelsliknande rettsinstitutt stort sett avvikla ved inngangen til moderne tid, dvs. før 1800, jamvel om det fanst restar att både i svensk og dansk lovgjeving enno i drygt hundre år.

Hovudgrunnlaget for det seigliva odelsinstituttet her i landet finn vi dels i den sosio-økonomiske, dels i den politiske norske historia. For det første fanst det knapt adelsgoods i Noreg i nytida. I Sverige, der bøndene hadde ein relativt sterk posisjon etter europeiske mål, var 17 % av jorda adelseigd enno ved midten av 1800-talet.¹ På den tida var om lag 60 % av dei svenske bøndene sjølveigande 'skattebønder'. Det var relativt færre enn den norske sjølveigardelen femti år tidlegare. Dessutan hadde norske sjølveigarar ein sterkare råderett over si jord. Dei svenske 1700-tals 'skattebøndene' eigde i prinsippet ikkje jorda, dei leigde bruksrett mot å svara rente til krona eller adelen. Utvidinga av eigeoms- og forvaltingsretten til jord var ein lang prosess gjennom dei 18. og 19. hundreåra i grannelandet.² Samstundes som den norske 1800-tals odelsbonden eigde rydningen trygt, hadde kollegene på leiglandingsbruk dessutan rettar som festebønder i grannelanda kunne misunna dei.³

Medvitet om den relativt frie stillinga norske bønder hadde allment og odelsbønder særskilt, vann styrke i dei patriotiske tiåra omkring 1800. Inspirert av opplysningsfilosofar som Montesquieu og Rousseau hylla intellektuelle det norske allment og den norske bonden særskilt. Johan Nordahl Brun, Edvart Storm, Claus Frimann og fleire dikta om den heroiske, tapre og hardføre odelsbonden som brukte 'sten som hodepute' og elska fridomen. På slettlandet hadde dei derimot slavesinn, som det også vart sagt. Denne myteproduksjonen fekk eit betre feste i røyndomen ved oppreistane (Strilekrigen, Lofthusopprøret, m. fl.) mot skatteflåing og hinder for bønders næringsrettar. Aksjonane var uttrykk for at bønders sjølvtilitt til eige samfunnsverde var stigande. Medvitet om dette auka ved at bondetalsmenn frå utgangen av 1700-talet hadde forvaltaransvar i lokale, offentlege organ som skule-, fattig- og forlikskommisjonar, frå omkring 1810 også i sokneselskap. Også haugianismen gjorde sitt til å styrka den symbolske krafta i den historiske odelsretten.

Forordninga i 1811, der siktemålet var å bryta ned det gamle rettsinstituttet, fekk ei svært kort verketid. Det hadde fleire ideologiske og maktpolitiske årsaker. Borgarstanden hadde vokse og styrkt stillinga si i kampen om samfunnsmakta med embetsstanden. Den fåmente embetsstanden trong allierte. Og kven andre i

¹ Gadd 2000, s. 204.

² (1) Myrdal 1996, s. 288, (2) Ågren M. i Larsson, Morell og Myrdal (red.) 1997, s. 283.

³ Jf. t.d. hoverisystemet i Danmark, som levde som ein leivning frå fortida heilt til utgangen av 1800-talet.

bondelandet kunne det vera enn dei frie, norske bøndene? Rett nok hadde embetsmenn møtt første generasjons haugianarar med tung reaksjon – først og fremst mot Hauge sjølv. Men krigstid og blokadeår hadde mildna motsetnader. Då krigsår og einevaldstid stod i ferd med å renna ut og norsk sjølvstende vart reist og bygd på ein revolusjons- og opplysningsidé-inspirert konstitusjon, vart uavhengige og frie bønders røyste- og representasjonsrett det demokratiske hovudelementet i den nye statsskipnaden. *Med det konstitusjonelle 'husbondsdemokratiet' følgde også grunnlovsfestinga av odelsinstituttet.* Derfor vart åttaket på odelsretten i 1811 ein mislukka eksekusjon. Colbjørnsen trong ikkje spørja om fellingsløyve. Men grepet han tok, vanta legitimitet i større delar av embetsmannsflokken, forutan i bondebefolkninga. Derfor kunne den gamle bonderetten reisast på føtene att i 1814 og fullt friskmeldast i 1821.

I åra som følgde kom dei to øvre stendene etter kvart til å stå meir og meir saman i eit sosiokulturelt fellesskap. Den politiske og økonomiske liberalismen vann hegemoniet i full breidd i dette sameinte, øvre samfunnssjiktet. Slik desse talsmennene såg det, hadde odelsretten gått ut på dato. Også bønder såg føremoner i den økonomiske liberalismen – så langt det høvde med egne interesser. Men odelsretten stod ikkje i vegen. Han hadde stendig fleire 'til odel og eige' – eit uttrykk som konsist uttrykkjer både symbol- og realverdien i retten: Ingen odel utan eige, og eige med odel gav meir prestisje og sosial status i høve til eige utan odel. Derfor prella argumentasjonen mot odelsinstituttet av på bonderepresentantane på Stortinget. Men dei var ikkje i fleirtal, så det bygde seg opp til ei eksistensiell krise omkring odelsinstituttet, som toppa seg i 1857. Berre grunnlovsfestinga og kravet om 2/3 fleirtal berga det heilskinna ut av eldlinja.

Seinare har det aldri stått om livet, tvert om. Symbolkrafta i odelsretten vart halden vedlike under 'venstrestaten' og ho vart styrkt i dei fagpolitiske ekspansjonsåra i bonderørsla fram til mellomkrigstida. I tida mellom verdskrigane skulle 'kakseretten' etter kvart falma som nedsetjande kraftuttrykk i arbeidarparti-retorikken. Under Nygaardsvold var husmannstida avvikla. Odelretten var vend til eit gode for nybrottsfamiliar og småbrukarar liksom for bønder elles – slik Johan Castberg hadde teke til orde for tretti år tidlegare – og omgrepet så å seia rensa for negativt meiningsinnhald blant bygdefolk flest.

Etter den andre verdskrigen følgde ei revidert jordlov og den nye og samlande konsesjonslova, og med desse vart fullmaktsrammene til odelsretten snevrare. Vedtaket i jordlova om at fylkeslandbruksstyra skulle godkjenna bruksdelingar, styrkte åsetesretten.

Odelinstituttet vart modernisert med lovrevisjonen i 1974. Kvinnerekutteringa til bondeyrket har gått sakte framover i tiåra etter, men det har heile tida vore store skilnader etter bruksstorleik: På større og store bruk har langt fleire menn enn kvinner teke over ved generasjonsskifte. På bruk under 50 daa er det i dag derimot nesten like mange kvinner som menn blant dei nye eigarane. Det har dessutan vist seg at interessa for økologisk drift er større blant kvinner enn menn. Kvinner som produserer økologisk er vesentleg fleire enn medsøstrer som driv konvensjonelt jordbruk.⁴

Sjølve odelsprinsippet står enno ved lag, så særnorsk det er. I våre dagar går heller ikkje Framstegspartiet uttrykkeleg inn for å stryka odelsretten frå lovverket. På den andre sida synest det som om haldninga til å slå ring om han, ikkje er like sjølvgeven lenger, korkje i det rikspolitiske miljøet eller ute i landbruksbefolk-

⁴ Innst. S. nr. 167 (1999–2000), 4. Politiske hovedsatsingsområder, s. 25: «Komiteen viser også til at det er betydelig større andel kvinner som driver økologisk produksjon enn konvensjonelt jordbruk».

ninga.⁵ Eit sentralt mål med retten har i alle år vore den tette koplinga mellom aktiv bruk og eige. Den som brukar bør også eiga, og med det særskilte ættevernet gjennom odelsinstituttet har lovgjevarane meint å fremja denne kombinasjonen og dermed langsiktig og trygg drift på flest moglege bruk. Men avgangen i driftseiningar har vore ein lang og eintydig tendens gjennom eit halvt hundre år. Berre i dei siste ti åra (1989–99) har talet falle med 30 %, og i eit trettiårs-perspektiv ser vi at odelsinstituttet reelt sett er blitt redusert til eit vern om slekts*eigedom* på meir enn halvdel av dei 155 000 driftseiningane i 1969. Leigd tilleggsareal – stort sett dei drivverdige areala på nedlagde driftseiningar – har vore i sterk vekst. Gjennom dei tjue siste åra har omkring 45 % av det samla leigearealet til overmål vore brukt utan skriftlege kontraktar mellom partane. I absolutte tal inneber det at knapt 1 mill. daa utan kontrakt i 1989 auka til nesten 1,5 mill. daa i 1999.⁶ Dei nye 'leiglendingane' i norsk jordbruk forvaltar stendig større vidder, for ein stor del utan skriftfeste bruksvilkår. Det kan såleis synast som om odelsretten stendig meir blir den gode brukar sin fiende heller enn ven. I denne samanhengen er det likevel grunn til vera varsam med å lasta odelsinstituttet for sterkt, ettersom eige-/leigeutviklinga i grannelanda, der ingen odelsrett finst, liknar den norske.

I 1974, året før den nye odelslova vart sett i verk, vart ei særleg stor mengd gardsbruk overdregne frå den eldre til den yngre generasjonen. Det var i alt meir enn seks gonger fleire 'familiesalg' dette året enn i 1975.⁷ Såleis kom mange nye eigarar bu- og driveplikta 'i forkjøpet'. Ved tusenårsskiftet – ein knapp mannsalder seinare – er tida inne for ein ny, stor runde med slektsoverdragingar. Dispensasjonane frå driveplikta var tidleg mange, og i våre dagar kan denne plikta erstattast ved 10 års bortleigeavtale. Derimot er kravet frå det offentlege om å ta bustad på eigedomen enno sterkt. Dette skapar hovudbry for fleire tusen som ikkje har hatt – eller har ønskje om å ta – fast bustad på bruka dei er odelspretendar til, og det svekkar legitimiteten til odelsinstituttet.

Ein annan synleg tendens i den siste tida er unge menneske utan odels- eller åsetesrett, som har meldt interesse for jordbruk og ønskje om å bli brukarar. Dei er ikkje mange, men næringa synest 'lukka' for dei som melder seg. I første hand er det vanskeleg å få kjøp på eit gardsbruk, deretter – om kjøp lukkast – er det jamt ein risiko for at bruket blir løyst på odal.

Den sterke legitimiteten odelsretten har hatt i breie befolkningslag frå mellomkrigstida av, krympar ved denne utviklinga. Dette er ei leseleg skrift på veggen og eit mene tekel for odelsinstituttet. Nedkortinga av løysingsfristen i 1995 var ei tillemping til nye vilkår. Vi har fått signal frå det rikspolitiske miljøet om at ein vidare reduksjon til ½ år kan vera i kjømda. Så sentralt nettopp løysingsfristen har stått i denne rettsskipnaden gjennom tidene, kan ein spørja kva som blir att av han om fristen for innløysing blir nær null?

Kva fasong odelsretten etter kvart får, er i det heile usikkert og avhengig av mange faktorar – av nasjonalt produksjonsnivå i forlenginga av den internasjonale handelsutviklinga med jordbruksvarer og den tilhøyrande prisutviklinga, distriktspolitikken i åra framover, forbrukarhaldningane til trygg mat, interessa for å driva jordbruk her i landet, o. m. m. Jamvel om det av ulike grunnar skulle bli aktuelt å ta brakklagd jord tilbake i hevd, talet på mjølkeprodusentar bli stabilisert, nedlagde

⁵ Då landbruksminister K. Gjønnnes var ute i 'felten' og orienterte om arbeidet med stort. meld. 19, møtte han overraskande få som aktivt forsvarte odelsretten. (Gjønnnes i samtale 26. juni 2001).

⁶ Jordbrukstelling 1999, tabell 5, SSB 2000 (internettversjon).

⁷ Iflg. jordbruksstatistikken var talet på 'familiesalg' 4853 i 1973, 18538 i 1974 og 2976 i 1975. (1. NOS A 744, 2. NOS A 817 og 3. NOS A 913).

driftseiningar igjen koma i aktiv bruk og jordbruket i det heile svinga frå skrinlegging til nytt engasjement, er det ikkje sagt at odelsretten er eit adekvat instrument til å fremja ei god næringsutvikling. For *slektsretten* – ein av grunnpilarane under skipnaden – er ikkje like gagnleg i dag som han ein gong var. For edb-operatøren eller byråkraten i hovudstaden kan førsteprioritets odels- og eigedomsrett til farsgarden på Vestre Toten vera kjekk å ha, utan at han eller ho har tanke om å nytta han til aktivt jordbruk. Her er vi tilbake ved tendensen til at odelsretten i større grad er blitt eit spørsmål om – eller ein kamp om – *eigedom og bustad*, gjerne fritidsbustad. «*Og dét er en omstendighet som fortjener en del eftertanke*», avsluttar Thor Falkanger ein artikkel om odelsretten i 1996,⁸ ein konklusjon det er lett å slutta seg til.

⁸ Falkanger 1996, s. 249ff.

Summary

The etymology of the concept 'odel' ('udal') is 'the better part' of something, i.e. the better part of a land property, consequently the *cultivated* part of it. Odel law and odel rights formed a legal system which countries in the Germanic cultural area shared in principle in the Medieval Ages (old Norse 'odal', old High German 'oudal', old Saxon 'odil').

Odel land was held with an entail on the family. Land became odel if held unbroken in the family for a certain length of time – according to the Norwegian king Magnus the Lawmender's Code of 1274, it was 60 years or four generations, or with immediate effect if it was a gift from the king and in a few other connections. The principle was that if odel land was offered for sale, the kin had rights of prior purchase; or if the land had already been sold, they had rights of repurchase within a certain time.

Odel land is allodial, i.e. there is no feudal superior involved. In the *coutumes* of Northern and Western France there were elements of law similar to odel rights, the remnants of them being cleared out during the period of the Great Revolution (1791). Odel was alien to Roman Law. In England, where Roman Law influenced *common law* at an early stage, there were a few elements of odel-like rights, mostly in borough customs. But by the end of the 12th century they seem to be totally out of the system. Norwegian migrators brought odel rights along to Orkney and Shetland, and 'udal law' is partly alive in those groups of islands even today. The occupants (landnaamsmenn) of Iceland, however, did not implement odel law when they settled on the island around 900.

While odal law faded away in Swedish and Danish law during the 18th and 19th centuries, it kept its strong position in Norway. It was, however, controversial in periods, and it was even chased onto a stage of existential crisis on two occasions. The first occurred in 1811. In preceding decades the debate about the assets and drawbacks of odel law had been energetic and emotional. Physiocrats had been central among the ardent opponents of the system, asserting the impedimental effects of odel rights on the development of rational, modern agriculture. Moreover the greater part of the legislative expertise of the twin monarchy Denmark-Norway opposed odel rights. On the other side poets, 'agricultural patriots' and the majority of farmers had praised odel law in lofty expressions like "the highest degree of self-ownership". By then Norway had virtually no nobility, and adherents had also flagged the old odel institute as a valuable 'substitute' for the passed away feudal aristocracy. As a consequence of a reform initiative of the state authorities and the public debate about the qualities of odel law the law institute had been modified in 1771. The time limits of both acquisition of odel rights on the property and of repurchase after sale out of kin had been shortened – the former was cut down to 10 years, the latter to 15 years.

However, these amendments had not weakened the institute in any decisive manner, unlike the attempt to abolish odel rights which followed 40 years later. The reform of 1811 stated that odel rights no longer were in force if not expressed in will or deed by testator. But this attack was to be proved futile. Three years later odel law was restored and enshrined in the Norwegian Constitution of 1814. During the

Napoleonic Wars, in particular in the winter of 1813/14, national sentiments were strengthened. The making of the constitution was a strong symbol of national assertion and odel rights correspondingly of the Norwegian farmer's traditional liberty. The two were coupled in spring 1814, when a majority of the constitutional fathers – farmers and civil servants/officials – took joint action in this and many other issues arising in the negotiations at Eidsvoll.

The rivalry for influence and power between civil servants and state officials on one side and the bourgeoisie on the other was transformed into a state of harmony in the course of the following decades. Along with this development – and the increasing impact of economic liberalism – the upper and middle classes adopted a mutual attitude against odel rights. Efforts in the middle of the 19th century to erase odel law from the Constitution culminated in 1857, when the farmer delegates saved it by a narrow margin. After another failing attack in 1860, the opponents sheathed their swords once and for all. Odel law has not been put to existential tests in Stortinget at any time after that.

In the following 80 years it was the other way around. In fact odel law strengthened its ground in Norway, while the remnants of corresponding law institutes were extinguished from codes of law in Sweden, Denmark and Iceland. There is a combination of explanations of this unique development. One important factor is the era of nation-building that gathered momentum from the middle of the 19th century and onwards. This cultural and political mainstream tended to keep the symbolic content of odel rights vital among the majority of the electorate. Moreover issues connected to the union conflict with Sweden and the rise of a modern, Norwegian working class overshadowed minor controversies. In the same period the amount of self-owning farmers increased. The continuing transition from tenant/lease holding to self-ownership of land furthered this development. To some extent the contemporary decrease of the old feudal-like cottar system also tended to increase the amount of self-owners, as a part of the small cottar units continued on a freehold basis, while others were phased out. From the early 20th century, particularly in the economically sloping inter-war period, thousands of settler families established farms by cultivating new land. Altogether the Norwegian odel law reached a peak in the 1930s, with regard to democratic distribution of rights as well as to popular esteem. Still the agnatic principle of succession prevailed. Women were rendered equal status with men in 1974, when the cognatic principle was introduced into Norwegian odel law.

The governmental industrialization programme after 1945 opened up alternative ways of living for thousands of inhabitants in rural districts and contributed actively to a turn of the back-to-the-countryside tide of the inter-war years. With various means the development of larger agricultural units were promoted, e.g. by obstructing the divisions of farms in smaller properties. The number of productive farm units started to decrease about 1950, corresponding to the growing number of farms left fallow. This tendency has been unbroken up to the present. Traditionally a vital *raison d'être* of odel law has been the protection of free holders *living the farming*. With the development over the last 50 years the distinction between *inhabiting* and *running* a farm has become gradually more evident. Among other aims the odel law reform of 1974 was an effort to check the increase of farms used only for resort. A paragraph was included, stating the obligation of the owner to combine the two aspects (inhabiting and running). However, dispensations from this regulation have been numerous in later years.

Other legislative regulations have reduced the authority of odel law, *jordlova* (1955) and *konsesjonslova* (1974) in particular. Besides, perhaps the most important element in the history of odel law – the time limit of repurchasing a farm sold out of kin, has been cut twice in 20 years' time. In the 1974 law it was shortened down to two years, in 1995 to one year. Odel law is under departmental detailed scrutiny at present. The time limit of repurchase may become the object of a further reduction towards zero, leaving odel law crippled.

1 Føremal og innhald

Motivet for denne studien av odelsretten og åsetesretten gjennom tusen år er spørsmålet om kva aktualitet rettane har i dag, i ei tid med raske endringar i næringsstrukturen og i økonomiske og politiske makttilhøve i samfunnet allment – med WTO-regimet i verdshandelen, med tendensiell deregulering av produksjon og omsetning av varer og tenester og friare flyt i matmarknaden. Kva har haldningane til desse tusen år gamle slektsrettane vore gjennom moderne tid og korleis har dei manifestert seg politisk og sosialt? Har odelsretten gått ut på dato, eller er det saklege grunnar til at han kan haldast ved like også i åra som kjem? Kva legitimitet har odelsretten i dag, i lys av utviklinga til dette rettsinstituttet gjennom dei siste to hundre åra? Desse og fleire spørsmål vil eg leita etter svar på i denne studien – i den løpande kronologiske analysen og i samanfattande avsnitt undervegs og til slutt.

Framstillinga er delt inn i fire kronologiske bolkar. Til innleiing i det første kapitlet blir 'odel' definert og sett inn i ein vidare geografisk/historisk kontekst, før utviklinga av den norske odelsretten fram til midten av 1700-talet blir skissert. Denne første bolken tener som eit omgrepsavklarande og historisk underlag for den nærare analysen av odels- og åsetesrettane gjennom dei siste 250 åra av milleniet. Det andre kapitlet handlar om kampen om odelsinstituttet gjennom hundreåret ca. 1760–1860. Deretter følgjer drøftinga av konsolideringsprosessen fram til utgangen av mellomkrigstida, då odelsinstituttet vann allmenn legitimitet. I det fjerde blir liner førte fram til våre dagar.

2 Odelsrett og asetesrett – innhald og historisk bakgrunn

2.1 Opphavet til omgrepet 'odel'

Odel – oldnordisk 'odal', oldhøgtysk 'uodal', oldsaksisk 'odil' – tyder det *beste* av noko (jf. adal om kjerneveden i tre), meir konkret *den beste delen av ein jordeigedom*, dvs. den dyrka jorda i motsetnad til utmark eller utjord. 'Odel' står ofte i samansetjingar som 'odelsjord', der relevansen til jord er eksplisitt. Frå mellomalderen har omgrepet vore brukt om *jord som det knyter særlege ætterettar til* – forkjøpsrett, løysingsrett, kvalifisert rettsvern. Anna dyrka jord, som det ikkje hefte odel på, er kalla 'lausjord' eller 'kaupjord' i mellomalderkjelder. Det er altså dyrkinga som er grunnlaget for ættesæreiga til 'odel'. Omgrepet står også for sjølve desse ætterettane og er såleis eit abstraktum.⁹

Ein odelsmann eller ein mannsperson som hørde til ei ætt som hadde odelsjord, vart kalla *haudd* i mellomalderen. Status som 'haudd' gav rang over dei som ikkje eigde odelsjord i bygdesamfunnet. Men denne posisjonen hadde ein berre så lenge jorda var i ætta. Ettersom odelsretten alltid har vore ein slektsrett, ikkje ein eigedomsrett, har ein odelsmann ikkje utan vidare hatt høve til å selja jorda til kven som helst. Han har hatt plikt på seg til å gje ætta tilbodet i første hand.¹⁰

⁹ (1) Norseng i Historisk tidsskrift 1991, s. 275, (2) Skeie 1950, s. 7, (3) Salmonsens leksikon, København 1924, XVIII, s. 390f.

¹⁰ Skeie 1934, s. 2.

2.2 Odelsrett eller tilsvarande rettsinstitutt i andre land

Forkjops- eller løysingsrett for slektningar til fast eigedom finn vi nær sagt over alt i germanske land frå høg mellomalderen. I dansk samanheng er retten kalla *lovbydelse*. Den svenske *bördsretten* korresponderte langt på veg til vår odelsrett. Begge dei to rettsordningane inkluderte både forkjops- og løysingsrett. Den som selde jord, plikta å by jorda til börds mannen (Sv.) eller til næraste frende (Da.) – farsjord til farsfrendar og morsjord til morsfrendar.¹¹ Den svenske bördsretten vart vesentleg innskrenka ved forordning i 1720¹², og han vart heilt avvikla på landsbygda i 1863. I det 16. hundreåret vart kjøpstadjord og adelsgods frigjort frå lovbydelse i Danmark. Med recessen i 1547 galdt rettsordninga berre sjøelveigar-bondejord, og med denne avgrensinga kom lovbydelsereglane inn i Danske Lov i 1683. Lovbydelse vart stegvis trekt ut av dansk lovverk i tida som følgde. Men enno i 1773 vart prinsippet lovfest som forordning om gardsarv på Bornholm. Dei bornholmske reglane vart avvikla i 1887¹³ og dei siste restane av denne rettsskipnaden vart fjerna frå dansk lov i 1926.¹⁴

I tysk er omgrepet som *Familienverkaufsrecht* eller *Retraktrecht* (løysingsrett) og *Näherecht* (nesterett) nytta om rettar som korresponderer til norsk odelsrett. Som regel galdt forkjops- eller innløysingsretten berre arvegods. Det synest ha skjedd ei utvikling frå forkjopsrett til løysingsrett etter at sal var fullført. Det siste innebar ei sak mellom kjøpar og slektningar – derav uttrykka 'Retrakt' og 'retrait' (fransk – sjå nedunder). Særlege arvereglar for jord- og skogbrukseigedomar har gjeldt i det tyske området inn i vår tid. Dei har allment gått ut på at eigedomen skulle gå udelte til ein av arvingane, og korresponderer såleis til den norske *åsetesretten*. Naziregimet i verksette ei sams gardsarvelov for 'det tredje riket'. Den vart forkasta i 1945, og dei delstatsvise eller distriktsvise reglane vart gjeldande som før 1933.¹⁵

I romarretten finn vi ikkje odelsrett eller tilsvarande rettsinstitutt. I England, der romarretten tidleg fekk innverknad gjennom *common law*, finn vi berre glimt eller element av odelsinstituttet, mest i byprivileg eller *borough customs* frå omkring 1100. Før 1200 er dette innslaget heilt borte i engelsk kjeldemateriale. På Shetland og Orknøyane skal det enno finnast restar av gamal norsk sjølveigerett og 'udal law'. I nord- og vestfranske 'coutumes', dvs. samlingar av sedvanerett frå 1200-talet, støyter vi på uttrykket *retrait lignager*, som tyder 'slektsinnløysing'. Restane av slike odelsliknande rettsordningar vart heilt avvikla med revolusjonen, dvs. i 1791.

Norske landnåmsmenn tok ikkje med seg odelsretten til Island. Det kan tolkast som eit uttrykk for at omgrepet 'odel' var så sterkt knytt til fleire generasjonars hevd at det ikkje fall landnåmsmennene inn å sjå på det okkuperte, nye landet som odlingsjord. Men det er heller ingen usannsynleg hypotese at retten enno ikkje var så fast tømra i dei distrikta landnåmsmennene reiste ut ifrå – først og fremst vestlandsbygder. Såleis kan det tenkjast at det ikkje fanst ein etablert praksis å ta med som kulturell ballast over Norskehavet. Først ved forordning 29. nov. 1622 vart den norske odelslovgjevinga innført i Island. I 1936 reviderte islendingane odelsinstituttet og omskipa det til ein del av arveretten.¹⁶

¹¹ NOU 1972:22, s. 25.

¹² Winberg, Ch. i Historisk tidsskrift 1991, s. 265.

¹³ Salmonsens leksikon, København 1923, b. XV, s. 1072.

¹⁴ Norseng sst s. 276–277.

¹⁵ NOU 1972:22, s. 26.

¹⁶ NOU 1972:22, s. 23.

Odelsretten er tusen år gamal eller kanskje eldre her i landet.¹⁷ I vår tid er han eit særnorsk rettsfenomen i vår kulturkrins.

2.3 Den norske odelsretten – grunntrekk med utgangspunkt i mellomalderlovverk

Den opprinnelege og viktigaste måten å hevda odel på, var eige gjennom fleire generasjonar i ætta. I Frostatinglova les vi (XII. 4): «*Engum manni verdr jord at ódali fyrr en 3 langfedr hafá átt ok kemr undire hin fjorda samfleytt*» ('samfleytt' = utan avbrot). Etter Gulatingslova er det seks andre måtar å vinna odel på: 1. når ein byter gard mot eigen odelsgard, 2. når ein får garden som mannebot,¹⁸ 3. som løn for oppfostring av annan manns gard, 4. som vederlag for å forsørgja ein mann resten av livet hans, 5. som heidersgåve frå kongen for tru teneste, 6. som løn for gilde for kongen og hans menn ('drekkulaun').

Etter dei gamle landskapslovene har odelsmennene *forkjopsrett* til garden. Når eigaren vil selja til ein framand, skal han kunngjera dette på tinget. Så må den odelsmannen som vil gjera forkjopsretten sin gjeldande, melde seg og by den summen som ein framand vil betala, dvs. marknadspis i distriktet. Dersom eigaren sel odelsgarden sin til ein framand utan den kunngjeringa som lova føreskriv, har dei andre odelsmennene *løysingsrett* mot kjøparen. Om kjøparen høyrer til odelsætta, kan nærare odelsmenn løysa garden frå han.

Forkjops- og løysingsrett var og er essensielle i odelsinstituttet. Dei er bundne til fristar. Ein odelsmann tapar både forkjops- og løysingsrett om han ikkje held fristane. Men han misser ikkje odelsretten til eigedommen for godt dersom kjøparen er ein ættemann. Om kjøparen (ættemannen) seinare sel garden til ein framand, får den første odelsmannen atter løysingsrett.

Hauldsretten får ein odelsboren mann ved fødselen, liksom forkjops- og løysingsrettane. Såleis er det berre tale om odelsarv til garden. *Ein har aldri kunna kjøpa seg til odel.* Kvinner var diskriminerte i høve til menn, og det galdt andre arvereglar om odelsjord enn om annan formue. I arverett til ikkje-odelsjord (kaupland el. l.) stod dottera til arvlataren i same klasse som sonesonen hans. Sonesonen hadde derimot rett til odelsgarden framføre dottera; ho fekk ekvivalens i annan formue ifølgje Gulatingslova. Om arvlataren hadde to søner og den eine døydde, vart den andre *einearving* – lova hadde ikkje det romerske representasjonsprinsippet¹⁹ i mellomalderen og tidleg nytid. Men ein eventuell son til avdøde kunne løysa den parten av garden som faren hadde hatt om han hadde levd.

Det ovanståande galdt rettsreglar *før* Magnus Lagabøtes landslov 1274. Den norske landslova var einestående i det føydale Europa. At sentralmakta, kongen, hadde makt til å definera lov og rett for alle undersåttane, fortel mykje både om

¹⁷ Sjå t.d. Berger 1973, s. 637 og Falkanger 1996, s. 255.

¹⁸ Robberstad meiner at Magnus Lagabøte kan ha tenkt at arvingane skulle få individuell avgjerd og mannebota frå drapsmannen bli 'som trongst' når han fastsette at bota skulle avgjerast av seks manns skjøn. Men i hundreåra som følgde vart bota alltid sett til same verdi – 8 merker gull, utan omsyn til det individuelle hjå skjønspersonane. (Robberstad 1948, s. 258).

¹⁹ Arvelovgjevinga er gjerne bygd heilt eller delvis på gradualprinsippet. Det inneber at arvegangsordenen blir avgjort av gradnærleiken, slik t.d. at bror går føre brorson. Men dette prinsippet kan vera – og har i historisk praksis vore – modifisert på ulikt vis ved innslag av representasjonsretten. Det inneber t.d. at born til avdøde bror arvar på lik line med dei andre brørne til arvlataren. Borna 'representerer' i slike tilfelle den avdøde faren sin.

styrken til det norske kongehuset i Sverre-ætta og Noregsveldet si stordomstid og om den veikare stillinga til det norske aristokratiet – samanlikna med grannelanda og andre land i kulturkrinsen vår elles.

Med landslova galdt det ikkje lenger nokon skilnad i rettsvern for hauld og vanleg bonde – ei bot skulle i begge fall fastsetjast ved skjøn av 6 eller 12 menn. Den same vurderinga skulle gjelda om ein odelsmann løyste garden frå ein framand som hadde kjøpt garden føreåt. Løysingsfristen kunne i fire tilfelle forlengjast: a. når han lyste pengemangel, b. når han var utanlands eller i kongen si teneste innanlands, c. når han var sjuk, d. når han ikkje hadde fått kjennskap til salet. Pengemangelgrunnen skuldast truleg ei allmenn forarming i bondestanden på kong Magnus si tid. Forlenginga kunne i slike fall bli inntil 60 år, dvs. seks lysingar og ein tiårsperiode mellom kvar lysing.²⁰ Desse reglane syner kongehuset sin vilje til å bremsa overgangen av jord til kyrkja og stormenn og er såleis uttrykk for hevding av kongemakt andsynes geistleg og verdsleg aristokrati.

Lova gav også fire måtar å vinna odel (odelshevd) på: 1. jord «*ligg undir sama ættlegg 60 vetra eda lengr*», 2. får gard frå kongen, 3. har tilhøyrt ætta i 3 leder og kjem under den fjerde 'samfleytt', 4. «*enn skipta odalsjordum sinn i millum en eigi odlum annara manna, (...)*», dvs. ved makebyte mellom odelsmenn. Det første punktet fortel at odel kan vinnast både ved 60 'vetra' og i fjerde led alternativt. Seksti vintrar var ei lang hevdstid. Men 'fjerde led'-regelen innebar ei opning for ein langt kortare periode. Dersom tre odelsmenn døydde i rekkefølge svært tidleg etter tilhending – først den eine, så sonen, så sonesonen – kunne det vinnast odel for denne ætta på 8–10 år i spesielle tilfelle.

I dei fire hundreåra mellom landslova og Christian Vs norske lov (1687) kom det somme endringar i odelslova. I 1313 gav Håkon V ei rettarbot som styrkte ætteretten i odelsaker. Etter dette skulle til dømes faren til eit barn som hadde fått ein odelsgard i arv frå morssida, berre ha bruksrett til denne garden på si livstid (jf. § 5 i odelslova 1821). I Christian IVs lov (1604) vart odelshevdstida redusert frå 4 til 3 ættledd, alternativt frå 60 til 30 år. Med denne revisjonen vart odelsgardane fleire og odelsinstituttet styrkt. Ei vidare styrking av odelsretten kom med Christian Vs lov, då hevdstida vart korta ned frå 30 til 20 år. Men på nokre viktige punkt i lova vart retten innskrenka:

- Løysingsfristen vart sett til 20 år. Når ein framand kjøpar hadde hatt garden i 20 år, fall løysingsretten bort, sjølv om seljaren hadde forsømt å gje ætta kjøpetilbod og sjølv om ein odelsmann hadde halde retten sin ved lag ved å lysa pengemangel eller anna forfall. Berre i det tilfellet at odelsmannen var umyndig då bruket vart selt, vart det opna for ein lenger frist. Odelsbarnet skulle ha høve til å løysa garden innan 10 år etter det ved 25 års alder var blitt myndig,
- Odel kunne vinnast ved makeskifte av odelsjord. Derimot er ikkje eige i fleire ættledar eller gåve frå kongen nemnde, slik dei var i landslova (pkt. 2 og 3 ovafor).²¹

²⁰ Robberstad 1943, s. 65: «*Det er tydeleg at Magnus Lagabøte vil gjera det lettare for odelsmennene, og det var nok betre for deim at prisen vart sett av 6 skynsmenn enn at dei skulde lota gjeva det som ein framand pengemann kunde finna på å by. (...)*». Robberstad meiner at 60-års-fristen og takst av 6 skynsmenn høvde odelsmennene godt.

²¹ NOU 1972:22, s. 8.

Den viktigaste endringa i odelsretten i første delen av 1700-talet, før ordstriden om denne rettskipnaden fekk eit breiare omfang i den andre delen av hundreåret, var introduksjonen av den nemnde *representasjonsretten*. Han var ikkje ein del av mellomalderlovverket, men ved forordning 31. mai 1737 vart han integrert i det norske odelsinstituttet.

2.4 setesrett

Etter Gulatings- og Frostatingslovene hadde alle borna krav på kvar sin del av det etterlatne jordegodset.²² *Åsetesretten kom i prinsippet inn først med landslova i 1274*. Der er det bestemt at eldste son skal ha hovudbolet, dvs. hovudgarden, udelt, åleine. Rett nok er det lagt til at andre søner får jamgode odelsgardar på sin lott. Men det var neppe eit vilkår for eldste son sin rett at det fanst andre odelsgardar i det same arveskiftet. I rettsdokument frå seinmellomalderen finst ordet *åsetu-gard*²³, og det var nok den garden som vart rekna som hovudbolet. Ein recess²⁴ i 1539 gav eldste son løyve til å krevja åsetet sjølv om eigedomsretten til garden vart delt på alle arvingane med odelsrett. Dei skulle i staden få landskyld, dvs. årleg avgift, for sine partar. Retten til medarving vart med dette ein avgiftsrett. Denne recessen er det eigenlege rettsgrunnlaget for åsetesretten, seier Robberstad. «*Den parten som ein medarving på denne måten skulde få i åsætesgarden, var ikkje sers mykje verdt. Når han ikkje kunde krevja å taka parten i bruk sjølv, var einaste fyremunen den leigeavgift han kunde få. Og leigeavgifti var berre landskyld; ho var fast, og etter jordverdet var ho låg.*»²⁵

Uttrykka 'hovedbølle' og 'aasædet' er nemnt i Christian IVs Norske Lov og i Christian Vs Norske Lov. I den sistnemnde kom det inn ein passus som sa at den med best odelsrett skulle ha høve til å løysa ut dei andre og bli eineiegar av garden. Etter Christian Vs norske lov og forordning 31. mai 1737 skulle den best prioriterte arvingen ha hovudbolet udelt, og om det berre var éin gard i skiftet, kunne han motsetja seg deling. Forordning 25. mai 1752 har overskrifta «*Om aasædesretten og hovedbøllens tiltrædelse i Norge.*» Dermed kom åsetesrett eksplisitt inn som eit omgrep i ein norsk lovtekst.

Rettsreglane om høve til eineieige for den best prioriterte arvingen fann mange urimelege. Det kom mange søknader om dispensasjon, og etter dei mange bruksdelingane på 1700-talet å døma, var det ikkje få som fekk løyve til å dela. Det ser ut til at styresmaktene fann delingar tenlege – dei gav plass til fleire levebrød i ei veksande befolkning, og større areal vart dyrka. For å fremja denne utviklinga – samstundes sparte ein bøndene for søknader og administrasjonen for saksbehandling – vart det 14. april 1769 ved forordning bestemt at

«Når en odels- eller selveierbonde befinder at hans hoved-bølle, som efter hans død skulde tiltrædes af hans ældste søn eller datter hvad enten samme tilforn har vært deelt eller ej, var af den størrelse og beskaffenhed, at flere familier sig derpaa kunde ernære, skal det være ham tilladt at dele samme imellem hans børn i 2de eller flere parter, og det uden at enten odelsretten eller den, den ældste søn eller datter tilkommende aasædes ret deri maae være

²² Gulatingslova kap. 87, Frostatingslova XIV 4. Sjå Voss 1966, s. 81.

²³ Sjå DN IV nr. 581 (1390) og DN II nr. 731 (1438).

²⁴ 'Recess' – i eldre dansk-norsk rett riksløv gitt av kongen etter forhandlingar med riksrådet eller riksmøtet.

²⁵ Robberstad 1943, s. 68.

hinderlig; da derimot enhver af børnene faaer aasædes rett til den part af gaarden som ham af faderen er tillagt. Dog skal ved saadan deling iagttages, at den ældste søn eller datter, som ellers efter loven var berettiget til hele aasædet, ikke maae tildeles mindre end den halve part af den gaard eller gaarde-part som var hovedbøllet; (...)»

Forordninga opna altså for å dela eit bruk om arvlataren fann at det kunne delast, slik at to eller fleire hushald kunne livnæra seg av kvar sine partar. Høvet til bruksdeling vart samstundes avgrensa ved at eldste arvtakar skulle sikrast minst halvdelen av heile åsetet. I seinare prøvingar for retten har denne forordningsteksten, som vart teken opp i odelslova i 1821 § 14, vorte tolka liberalt i dei fleste tilfelle: Så lenge den med best åsetesrett vart tildelt minst halvdelen av hovudbølet, har ein meint at næringsgrunnlaget i den andre parten/dei andre partane ikkje trong vera stort nok til å brødfø ein familie.²⁶

2.5 Tilhøvet mellom odels- og åsetesrett

Odelsretten gjeld odla jord, åsetesretten gjeld også jord som ikkje er odla. I motsetnad til odelsretten er ikkje åsetesretten betinga av eit langvarig tilhøve til eigedom. Om ein brukar har kjøpt eigedom den eine dagen og døyr den neste, kan den eldste sonen (i dag det eldste barnet) gjera åsetesretten gjeldande. I vår tid er det odelshevd på eit stort fleirtal av norske jordbruk. Dermed blir den som har den beste åsetesretten som regel identisk med den som har førsteprioritet etter odelsretten.

Odelsretten er ikkje ein tingleg rett til eit bestemt jordstykke, han er ein *slektsrett* til dette stykket – eit bruk eller i det heile «*jord på landet*». Odelsretten kan berre brukast til å skaffa éin av slektsmedlemene eigedomsrett til bruket eller – meir presist – verna eigerettane til éin person med gongen. Det er derfor stilt opp ein særskilt orden mellom dei som har odelsrett, og desse kan ikkje kollektivt eller kvar einskild hevda retten til same tid.

Eigar av odelsjord har høve til å makeskifta mot anna odelsjord med den verknaden at slekta sin odelsrett går over frå ein eigedom til ein annan. Men odelsretten kan ikkje førast over til ein annan person, odelshavaren kan berre *fråskriva* seg retten. Retten kan ikkje beslagleggjast av kreditorar eller forvaltarar av konkursbu. Han kan ikkje overførast til andre ved testament e.l.; einkvar har odelsrett i kraft av avstamming og berre slik.

Dei ovannemnde er blant dei sidene ved odels- og åsetesrettane det er allmenn semje om blant rettslærde. Men om det innbyrdes tilhøvet mellom dei to rettsinstitutta står det elles strid på fleire punkt. Etter B. Berger si meining er odelsrett og åsetesrett to sider ved same sak. Korkje odels- eller åsetesretten er arverettar av *økonomisk* slag; åsetesretten er ein slektsrett til å få utlagt mot vederlag den 'jord på landet' som er i buet, hevdar Berger. Om det er odelsrett til ein eigedom, kan det også vera åsetesrett til han. Og – negativt – det kan ikkje finnast åsetesrett til ein eigedom som det ikkje er, eller kan vinnast, odelsrett til. Etter dei gamle landskapslovene hadde alle søner i syskenflokket odelsrett til *heile* garden, med den avgrensinga som prioritetsreglane sette. Fall ein odelsmann bort utan livsarvingar, gjekk delen hans til brørne. Kvar einskild hadde bu- og driverett som likeverdige. Her les Berger inn ei klar vedtekt om åsetesretten: Dersom ein av brørne

²⁶ Voss 1966, s. 81.

ikkje ville bruka, men ønskte å bygsla sin part bort, hadde dei andre brørne bygselrett framfor framande. Dei hadde høve til å 'utvida' sin åsetesrett.

Jon Skeie er prinsipielt usamd med Berger. Skeie meiner at det ikkje er nokon indre samanheng mellom odelsrett og åsetesrett. Knut Robberstad synest å vera meir på line med Berger enn med Skeie. Robberstad hevdar at åsetesretten historisk og sakleg er ei utforming av delingsprinsippet i odelsretten, der odelsfrie gardar også er med.²⁷ Etter Adolf Lindvik sitt syn er føremålet med åsetesretten å hindra ei uheldig oppstyking av jordegods, å oppnå ei rimeleg fordeling av fleire eigedomar som høyrer til familien, men også å førebyggja at eigedomane ved arvefall går ut av familien. Derfor er denne retten avgrensa til livsarvingar; han kjem ikkje arvingar i sidelinjer til gode. Åsetesretten supplerer altså odelsretten, seier Lindvik. Odelsretten tener i første rekke til å *vinna tilbake* (løysa inn) odelsgods som er kome på framande hender eller gått over til fjernare medlemmer i slekta, medan åsetesretten skal *ta i vare* familieeigedomar – odelsgods eller ikkje – på livsarvingar sine hender.²⁸

Gunnvald Fliflet presiserer at kvintessensen i odelsretten er ein familierettsleg løysingsrett; åsetesretten er ein arverett. Men dei står i nær samanheng med kvarandre. Begge gjeld fast eigedom på landet og dei er i vesentleg grad knytte til avstamming frå den som eig slik eigedom. Dessutan kan ein seia at begge er løysingsrettar, meiner Fliflet, idet åsetesretten gjev rett til å ta over medarvingar sine delar i eigedomen. Dei har begge eitt og det same hovudføremålet – å halda eigedomen i slekta, og dei er lekkar i det same økonomiske og sosiale systemet. Fliflet meiner at åsetesretten opprinneleg var ein del av odelsinstituttet.²⁹

Så langt om distinksjonen mellom 'odel' og 'åsete'. Om dette prinsippsspørsmålet let eg dei lærde kivast vidare i fred.

²⁷ Robberstad 1948, s. 251.

²⁸ Lindvik 1943, s. 405.

²⁹ Fliflet 1923, s. 35. – Sjå dessutan Pedersen og Strøm 1975, s. 134ff. og Rygg og Skarpnes 1975, s. 139ff.

3 100 ars kamp om odelsretten ca. 1760–1860

3.1 Rasjonalisme og liberalisme vs. bondefridom og patriotisme i siste del av 1700-talet

Den første større offensiven mot odelsretten kom på herredagen i Oslo i 1548, der adelsmenn og lensherrar møtte lagmenn og talsmenn for bøndene. Her kravde adelsmennene at odelsretten skulle avviklast med det hovudargumentet at retten skapte tretter og usemje. I røynda var nok det viktigaste motivet deira å fjerna eit hinder i strevet for å tilvenda seg jordegods. Kongen vende seg mot framlegget frå adelsrepresentantane, etter at både riksrådar og lagmenn hadde sett seg i mot det.³⁰

Diskusjonen om odelsretten engasjerte breitt i åra frå om lag 1760. Åsetesretten vart svekka ved forordninga 14. april 1769, som opna for bruksdelingar. Denne revisjonen kolliderte med synet til mange embetsmenn. Dei aksepterte åsetesretten nettopp fordi han kunne hindra ei uheldig oppstyking av jord. At forordninga opna for fleire odelsmenn enn før, var dessutan i seg sjølv forkasteleg. Odd Arvid Storsveen har vist at argumentasjonen mot odelsretten gjekk på to plan. Dels grunn gav motstandarane standpunktet sitt praktisk, dels meir teoretisk. Dei meinte at odelsretten hemma arbeidsviljen og innsatsen for betre jordkultur og nydyrkingsinnsats i jordbruket. Dessutan førte retten i mange tilfelle til overutnytting av jord og rasering av skog. Resonnementet gjekk ut på at den som hadde kjøpt ein gard det hefte odelsrett på, vart freista til å ta ut så mykje av verdiane i garden som han kunne, før nokon i ætta til den førre eigaren eventuelt tok garden tilbake ved odelsløysing. Alle rettstvistane retten skapte, var eit viktig ankepunkt. Innan ein fornuftsbasert, rasjonalistisk horisont var odelsretten «*en ældgammel Lovret fra Barbariets skumle Tider*» som det vart sagt spissformulert. Først og fremst var føremonen med *full*

³⁰ NOU 1972:22, s. 9.

eigedomsrett uråd så lenge odelsrettsinstituttet galdt. «Hvad har endeligen den Førstefødde for Ret til sin Faders Sæde, naar dette allerede er i en Andens Hænder som ærlig har kjøbt og betalt det», skreiv redaktør Peterson i *Trondhjemske Tidender*.³¹ I motstandsleiren såg dei med velvilje på åsetesretten, medan odelsretten – og særleg løysingsretten – var ein uting. Fleire kritikarar meinte odelsretten var ein 'unaturleg' rett.

I slutten av 1760-åra vart embetsmenn i det sivile embetsverket og bønder bedne om å gje fråsegner om odelsretten og kva grunnar som tala for og mot denne rettsskipnaden. Embetsstandssynet var delt. Nokre tiår tidlegare – i 1729 – hadde Ludvig Holberg skrive positivt om odelsretten. Han meinte at norske bønder «*ansee deres odels rettighed, som deres største klenodie*». Det ser ut til at Holberg synte eit rimeleg godt skjøn i dette spørsmålet, for fleirtalet av bøndene var tilhengjarar av odelsretten, jamvel om det var mange motstandarar i Trøndelag og på Austlandet.³² Sorenskrivar Christian Fredriksen i Mandal var blant dei som gjekk inn for å verna retten, og synet hans vart tillagt vekt. Han samanlikna tilstanden i Stavanger amt med Agder og fann at mykje jord – for ein stor del leiglendingsjord – låg unytta i granneamtet i vest, medan dei sjølveigande egdene skjøtta jorda betre. Ein annan nordmann, Jens Bing Dons, forsvara odelsretten i ei doktorgradsavhandling i 1767.

Generalprokurør Stampe³³ fekk saka til vurdering og fråsegn i 1769/70. Han var klar over dei mange ulempene som følgde med odelsretten – mellom anna dei usikre eigedomstilhøva og dei mange tvistemåla. Men Stampe såg også dei positive sidene. Ikkje minst hadde han forståing for meinings- og mentalitetsaspekt ved odelsretten ute i bondebefolkninga. Han underskatta ikkje den prestisjen mange knytte til det å vera odelsbonde. Liksom Stampe såg embetsmennene Hans Arentz og Hans Strøm pragmatisk på spørsmålet. Begge konkluderte med at dei reglane som låg i forordninga i 1771, var til å leva med – «*siden Bonden dog anseer den som en Herlighed, enten nu samme er indbildt, eller virkelig*».³⁴

Etter Stampe sitt framlegg til revisjon av odelslova skulle hevdstida vera 20 år som før og preskripsjonstida 30 år. I forordning 14. januar 1771 vart begge fristane kortare – hevdstida vart sett til 10 år, foreldingsfristen til 15 år. Vi har nemnt at den friare delingsretten frå 1769 opna for ei større spreieing av odelsretten. Med den kortare hevdstida frå 1771 vart denne tendensen forsterka.

Tilhengjarane av odelsretten var særleg opptekne av historiske og emosjonelle aspekt ved retten. Johan Nordahl Brun var ein framstående talsmann for slike synsmåtar. Odelretten sidestilte han med kongens arverett – «*en høyeste Grad af Eyendoms Ret*». Retten styrkjer også fedrelandskjærleiken, meinte Brun. Han var «*Norriges største Herlighed*» som måtte vernast mot «*Kiøbernes Pengekraft*». Odelsbøndene vart ein slags erstatning for den tapte norske adelen. Odelsinstituttet hadde hindra at liveigenskap fekk feste på norsk jord. Sokneprest Leganger tala om odelsretten som «*den ganske Nations Aand*».³⁵ I eit slikt åndsarvs-perspektiv var rasjonalistisk argumentasjon irrelevant. I skriftet «*Nordens Statsforfatning*» i 1782 tillia den danske forfattaren Tyge Rothe odelsretten stor psykologisk vekt. Han meinte retten hadde mykje å seia for nordmenns fridomskjensle.³⁶ I 1788 skriv han

³¹ Fliflet 1923, s. 107.

³² Bull, Keilhau, Shetelig og Steen (red.) 1933, s. 32f.

³³ Henrik Stampe 1713–89, dansk jurist, generalprokurør frå 1753. (Generalprokurør – leiande embetsmann under eineveldet som førte kontroll med lovgjevinga og var juridisk ekspert for regjeringa).

³⁴ Storsveen i Storsveen m.fl. 1997, s. 111–112.

³⁵ Storsveen i Storsveen m. fl. 1997, s. 110.

³⁶ Skeie 1950, s. 27–28.

likeins om den innverknaden han meinte odelsbondestatus hadde på nordmenns sinnelag. Motstandarane var derimot for einsidig opptekne av økonomi og finansar, sa Rothe: «*O den Finantz Vægt: at den dog skal give Udslag paa alt i Staterne!*».

Odelsrettsdebatten i dei siste to tiåra av 1700-talet fekk ikkje direkte verknad på sjølve rettsinstituttet. Men han avslørte eit djupt skilje i flokken av norske patriotar, mellom tradisjonalar og modernistar, kan ein seia. I dansk rettsvitskap var det derimot mest berre fordøming av odelsretten på denne tida. Synet kvilte først og fremst på naturrettsfilosofiske vurderingar: Odelsretten og andre lovbestemte løysingsrettar var utilbørlege, unaturlege band på eigedomsretten. Montesquieu hadde teke til orde for at den løysingsretten som ættene hadde etter dåtids fransk rett, burde avskaffast. Han burde kunna tenkjast som ein eksklusiv rett for adelen i einevaldsstatar, elles ikkje.³⁷ Som nemnt vart retten avskaffa i Frankrike i revolusjonslovgjevinga i juli 1791.

3.2 Eksistensiell krise: Forordning om odelsrett i 1811

Det sterkaste åtaket på odelsretten kom med ei forordning 5. april 1811. Nordmannen Christian Colbjørnsen, høgsterettsjustitiarius i København, var opphavsmannen. Han nemner ikkje eitt godt argument for å føra denne rettstradisjonen vidare, berre negative aspekt ved han. Etter denne forordninga vart hevdstida 10 år som før, løysingsfristen vart forkorta frå 15 til 5 år. Forordninga vart førebudd under den hektiske lisenshandelsperioden i krigsåra. Franske styresmakter skreiv ut lisensar for å få hand om råvarer til industrien, engelske for å få trematerialar. «*Licenssystemet var i praksis et system av nødøgn og lovliggjort bedrageri*», skriv Sverre Steen³⁸; det skapte ein allmenn oppblåst næringslivsoptimisme, dels ein vill spekulasjonsfeber. Fallande pengeverde førte snart til at folk investerte i varer og fast eigedom – «*gods var alt, penger var intet*».³⁹ Brukarar som mangla odelsrett til gard og grunn, hadde grunn til å skjelva i buksene. Dei som hadde betalt garden med 1000 'gode' dalarar i 1800, kunne i 1810 bli utløyste på odel med 1000 papirdalarar som ikkje var stort meir verde enn ein tidel av dei gamle. Talet på odelsløysingar skaut i vêret. Mot denne bakgrunnen var det rimeleg, ja, tvingande med det rotet som rådde i finans- og pengestellet, at forordninga i 1811 føreskreiv obligatorisk *takst* når løysingssummen skulle fastsetjast.

Målet med forordninga i 1811 var eigenleg å ta strupetak på odelsretten, ikkje berre ein modifierande revisjon. Det vart slått fast at odelsmannen kunne avgjera at retten skulle falla bort og ikkje lenger hefta ved bruket. Odelsretten skulle også falla bort ved overgang til livsarvingar om ikkje arvlataren på tinget eller til lovfaste vitne hadde gjeve til kjenne som sin siste vilje at retten framleis skulle kvila på eigedomen. Same høvet til å la odelsretten fara skulle også arvingar og seinare etterkomarar ha. Om odelsmannen selde eigedomen, skulle det ikkje gjelda nokon løysingsrett om det ikkje var sagt uttrykkeleg i skøytet. Det heiter også: «*Da Kongen, for at betrygge eiendomsfriheden, vil, at der paa offentligt eller beneficeret gods, som herefter afhændes til private, under ingen omstændigheder maae erhverves odels-løsningsret; saa befales, at denne bestemmelse udtrykkeligen skal anføres i de skiøder, som maatte vorde utstædte ved salg af det slags eiendomme*».

³⁷ Montesquieu i *De l'esprit des lois*, 1748

³⁸ Bull, Keilhau, Shetelig og Steen (red.) 1933, s. 322.

³⁹ sst., s. 324.

Krongods eller benefisert gods som heretter vart selt til brukarane, skulle ikkje kunna bli påhefta odel.

3.3 Vendepunkt 1814

Tre år etter vart bladet vendt. Riksforsamlinga på Eidsvoll i 1814 vedtok at lov-arbeidet i Stortinget skulle organiserast i eit tokammersystem. Initiativet og framleggsretten skulle liggja i det største, i *Odelstinget*. Namnet gjev direkte assosiasjonar til 'odelsbonde' og 'odelsrett' og det fortel sitt om den prestisjen fleirtalet i forsamlinga knytte til det gamle rettsinstituttet. På det første stormannsmøtet på Eidsvoll 30. januar 1814 ville ikkje Christian Frederik for sin del gje avkall på *odelsretten* sin til Noregs krone;⁴⁰ han kopla altså odelsrett til tronarverett.

Under tingingane på Eidsvoll i april leverte seks bonderepresentantar – Tvedten, Lande, Huvestad, Evenstad, Regelstad og Walbo – ei 'adresse' (fråsegn), etter fullmakt frå veljarane sine. Fråsegna seier at «*Odelsretten bestandigen skal vedblive i Norge saaledes som den var førend Forordningen 5te April 1811, uden Forandring i Odelsrettens Grundvæsen, men kuns med saadanne Modifikationer og Bestemmelser, som den tilkommende lovgivende Magt maatte finde passelige, for at hæve enhver Tvivl efter den forrige Odels-Lovgivning, der kunde foranledige Misbrug og pængespildende Processer; dog at al Odelsløsning skeer efter billig og retfærdig Taxt av upartiske og kyndige Mænd*».⁴¹

Eidsvollsmennene gjekk inn for å ta vare på odelsretten. *Dei grunnlovsfeste han*. I erindringane sine uttrykkjer Jacob Aall seg slik: «*Om odelsrettens vedligeholdelse, befæstet ved en grundlovsbestemmelse, yttredes ingen meningsforskjel*».⁴² § 107 fekk denne ordlyden: «*Odels- og aasædes-retten maa ikke ophæves. De nærmere betingelser hvorunder den, til største nytte for staten og gavn for landalmuen, skal vedblive, fastsættes af det første eller andet følgende storthing*».

Knut Robberstad hevdar at «*Grunnlovsfaren Chr. M. Falsen meinte at eit talrikt grunneigarstand var vilkåret for eit varigt konstitusjonelt styre og grunnvollen for fridom og likskap*». Slik Falsen såg det, var dette røtt i menneskenaturen (sic!); og her kunne han føra Montesquieu som vitne. «*Fordi landet alt er bytt millom mange grunneigarar, er odelsretten god hjå oss; (...)*».⁴³

Åsetesretten var ikkje med i framlegget til § 107 frå konstitusjonskomiteen. Han kom inn etter eit benkeframlegg frå utsendingen Thomas Bryn, sorenskrivar i Råbyggelaget.⁴⁴ Med bakgrunn i den omtala forordninga i 1811 var det odelsretten som var objekt for revitalisering på Eidsvoll. Åsetesretten var ikkje innafor synsfeltet til Colbjørnsen då forordninga vart til. *Det* kan forklara at denne retten vart forsømt i komitéinnstillinga. Med «*Odels- og aasædes-retten*» vart rettsomgrepet komplettert – det rådande synet var enno at dei to hørde til den same rettsskipnaden. Men dessutan fanst det – som ein kunne venta det – kondisjonerte blant utsendingar på Eidsvoll som drog særleg omsut for at nettopp åsetesretten kom uttrykkeleg inn i grunnlovsteksten. Ordstriden om desse rettane både i tiåra føreåt og – som vi skal sjå – i 1840- og -50-åra talar for det.

⁴⁰ Koht 1914, s. 56.

⁴¹ Skeie 1950, s. 28.

⁴² NOU 1972:22, s. 10.

⁴³ Robberstad 1943, s. 66. – Jf. Falsen, Norges Odelsret, 1815, s. 32, 48, 49.

⁴⁴ Oppl. frå Per Maurseth 190901.

Odd Arvid Storsveen konkluderer med at odelsretten vart konfirmert i 1814, ikkje like evig som «*Norges Marmorfelde*»⁴⁵, men i det minste som eit kompromiss *mellom ideologiar og standsinteresser*.⁴⁶ Ein viktig bakgrunn for den positive embetsmannshaldninga til odelsretten var behovet for alliansar i maktstriden med den veksande borgarklassen i samfunnet. Den «*Finantz Vægt*» som Tyge Rothe tala om i 1780-åra, er eitt av fleire uttrykk for denne klasse- eller standskonflikten. I det nye og 'demokratiske' Noreg var embetsstanden ein liten minoritet blant dei 10 % av befolkninga som fekk røyste- og representasjonsrett. Store og små gardbrukarar var i stort fleirtal; eidsvollsmennene etablerte det norske *husbondsdemokratiet*.⁴⁷ Bønder greip etter kvart det maktpotensialet grunnlova gav dei, og dei vende det i større mon til eigen bate frå 1830-talet og framover. Men til dess var den rikspolitiske arenaen eit nummer for stor for bønder flest. Dei valde i stor mon embetsmenn som sine representantar til dei følgjande fem stortingssesjonane. På si side gjorde embetsmennene klokt i å unngå å trø bønder på tærne i spørsmålet om eksistensen til odelsretten. Når retten vart grunnlovsfest, var det ikkje minst eit uttrykk for å koma veljargrunnlaget i møte frå embetsmennene si side.

Ved lov 14. juni 1816 vart §§ 10 og 11 i forordning 5. april 1811 oppheva; odelsforbod som var lagt på tidlegare offentleg og benefisert gods etter desse paragrafane, skulle ikkje hindra odelshevd.

3.4 Lov om odelsretten og åsetesretten i 1821

Som nemnt vart det slått fast i § 107 i Grunnlova at odelsrettsvilkåra skulle fastsetjast av Stortinget. Ein særskilt komité, med Christian Magnus Falsen som formann, vart nedsett til å arbeida fram ei innstilling om odels- og åsetesrettane. Lova kom til behandling i sesjonen i 1821 og vart vedteken 26. juni d.å. Ho er *den første særlova om desse rettane i Noreg*. Ho oppheva alle eldre vedtekter og gjev materielle føresegner og rettargangsreglar. Lova førte vidare dei hevds- og foreldingsfristane som er nedfelte i forordninga i 1811, dvs. 10 og 5 år. Ho slo fast at garden skulle prisast etter marknadsverde, dvs. etter gjeldande pris i bygdelaget. Denne prisen skulle gjelda både for odelskifte og for åsetesarving som fekk ein odelsfri gard på skifte. Den føreskrivne prisdaninga i odelslova 1821 braut med gamal sedvane i mange bygdelag og gjorde synleg eit liberalistisk aspekt ved tenkinga til lovgjevarane.

Lova la dessutan stramme band på odelsmannen sitt rådvelde over eigedomen i dei første tre åra etter løysinga (§ 30). Han skulle såleis ikkje kunna leiga bort garden til ein framand eller fjernare i slekta, sjølv om det måtte vera svært vanskeleg for han å ta over garden med det same. Til beste for kreditorane slo lova fast at løysingsmannen måtte betala også den pantegjelda som overstig taksten, når gjelda er påhefta eigedomen anten før han vart odelsjord eller av næraste odelsmann.

Om åsetesretten er det slått fast at han gjeld den næraste av den førre eigaren sine avkom. Retten gjeld både odelsjord og anna jordegods, det vil seia *hovudbølet*, om det er fleire eigedomar i buet (§ 10).

⁴⁵ Referanse til Jens Zetlitz i 1788

⁴⁶ Storsveen m.fl. 1997, s. 113.

⁴⁷ Hosar 1998, s. 45ff.

3.5 Vedvarande strid om odelsretten

Grunnlova forbaud ei oppheving av odelsretten og lova i 1821 spesifiserte både odels- og åsetesrettane. Men opposisjonen tok ikkje nokon lang pause til ettertanke. Ønsket om å sjå odelsretten avskaffa kom til uttrykk ved fleire høve i tida som følgde. Den rettslærde dansken Anders Sandøe Ørsted var ein av dei iherdigaste og best kvalifiserte debattantane blant motstandarane av odelsretten. Han ordla seg m.a. slik i 1819:

«Den (odelsretten) virkede nu meget mer til at svække eiendomsrettens sikkerhed for den eier, som ikke tillige var nærmeste odelsmand, og dens verd for selve den odelsberettigede eier; den stansede agerdyrknings fremskridt, den gav egennytte, rænker og usamdrægtighed rik næring; den fremkaldte en mængde ødelæggende processer. (...). Ved fri raadighed over jordeiendomme har det overalt for tiden ingen fare for, at de samles videre end forsaavidt det virkelig er almeennyttigt. Danmarks eksempel i de nyere tider beviser snarere at man maa frygte for at de for meget kunne adspredes.»⁴⁸

Ørsted kom tilbake med ny kritikk i verket *Haandbog over den danske og norske Lovkyndighed* (1831), og karakteriserte her odelsretten som 'erkearistokratisk'.⁴⁹

Her i landet var høgsterettsassessor U. A. Motzfeldt ein kvalifisert og ordhag kritiker av odelsretten. Han arbeidde ut ei systematisk framstilling av odels- og åsetesrettane i 1846. Hovudkonklusjonen var at odelsretten burde opphevast. Han hadde også mange grunngeve innvendingar mot fleire punkt i 1821-lova. Mellom anna meinte han at det kunne ha lite for seg at ein eigedom som ikkje lenger enn 10 år, ein tredels mannsalder, hadde vore i ein familie si eige, skulle bli odelsgods. Han peika også på det urimelege i at ein mann kunne utsletta ei ætt sin odelsrett ved å byta bort ættegarden i ein annan eigedom (§ 7)⁵⁰ *«hvor hen intet nedarvet minde eller spor af ættmænd vinker familien»*.

Ved desse tider, dvs. omkring 1840, var den gamle konflikten mellom embetsmenn og borgarar i ferd med å bli historie. Ei følgje av den sterkare kultur- og interesseharmoniseringa dei to 'stendene' imellom, og gjennomføringa av den økonomiske liberalismen, var at det mindretallet av embetsmennene som vende ryggen til odelslova i tida omkring 1814, voks til eit klart fleirtal i tiåra som følgde. I stortingssesjonane 1848 og 1851 kom *private* framlegg frå embetsmannsrepresentantar til oppheving av § 107 i Grunnlova opp til drøfting; i sesjonane 1854 og 1857 presenterte *regjeringa* tilsvarande framlegg for Stortinget.

Førstemann ut var Christianiarepresentanten, sorenskrivar Sørensen. Framlegget hans i 1845 gjekk ut på at § 107 skulle gå ut, subsidiært endrast til *«Aasædesretten maa ikke ophæves»*. Etter innstilling frå konstitusjonskomiteen forkasta Stortinget framlegget i 1848.⁵¹ Til sesjonen i 1851 fekk Stortinget til behandling eit likelydande framlegg frå amtmann i Buskerud, Gustav Peter Blom. Etter initiativ frå Stortinget i 1848 låg det til 1851-sesjonen føre vurderingar om dette spørsmålet frå formannskap og dei sivile distriktsembetsmennene (amtmen, sorenskrivarar og futar) landet rundt. Det viste seg at eit stort fleirtal av dei spurde embetsmennene ville oppheva odelsretten straks, ein mindre del av dei fann han skadeleg, men tilrådde inntil

⁴⁸ *Nyt Juridisk Arkiv*, b. 26 (1819), s. 205–206.

⁴⁹ Skeie 1950, s. 29, 31.

⁵⁰ § 7: *«Mageskiftes Odelsjord lige for lige, bliver hver Jord dens Odel som bekommer den i Mageskifte, men gives Mellomlag, da søger hver Æt den Odel, som før tillaae den»*.

⁵¹ Stortingsforhandlinger – «Kongelige Propositioner og Meddelelser fremsatte paa tolvte ordentlige Storting i 1848, Fjerde Deel, CXXXII», s. 482–501.

vidare berre å innskrenka retten. Blant formannskapa var det derimot eit stort fleirtal som heldt fast ved retten – heilt uskipla eller med visse endringar. Liksom tre år tidlegare frårødde konstitusjonskomiteen også i 1851 godkjenning av framlegget til avskaffing av odelsretten. I den følgjande voteringa følgde Stortinget innstillinga og forkasta framlegget.⁵²

3.6 Siste frontalatak

Til stortingssesjonen i 1854 hadde justisdepartementet *«taget denne Sag under fornyet Overveielse»*. Departementet la vekt på løysingsretten sine negative verknader på respekten for lov og rett. Departementet fann det heller ikkje sannsynleg at odelsretten hemma oppsamling av jord på få hender eller oppdeling av gardar i fleire bruk. Men sjølv om det meste tala for å oppheva odelsretten, ville departementet ikkje fremja framlegg om det, fordi det var i strid med majoritetssynet i Stortinget og opinionen. Derimot gjekk departementet inn for å *ta forbodet mot å oppheva odelsretten ut av grunnlova*, slik representantane Sørensen og Aall hadde gjort i sesjonane føreåt.⁵³ Dermed ville ein ved neste krossveg kunna fjerna retten ved ordinær lovendring – med simpelt fleirtal i Stortinget.

Men det vart ikkje kvalifisert fleirtal for framlegget, då det kom opp til behandling i sesjonen i 1857. For tingbønder slo ring om den grunnlovsfeste odelsretten. *«Ueland var stærkere rustet denne Gang end før, naar det var faldet i hans Lod at ofre en Skjærv paa Fædrelandets Alter, idet han nu foruden sine egen Overbeviisning havde 240 Grunde mod 60 at støtte sig til»*, heiter det i Stortingstidende i 1857. Dei 240 'grunnane' var alle dei formannskapa som hadde erklært seg for lova slik ho var – eller med justeringar. Med eit gjennomsnittstal fann Ueland at dei 240 representerte nær 1 million nordmenn – eller om lag to tredelar av befolkninga. Det var vel verd å ta omsyn til ein slik 'udtalt Stemning'. Den same kjensla hadde halde seg i hundreår og gjeve diktarar og retorikarar stoff til varm og begeistra dikt- og talekunst, la han til. Til det meir substansielle hevda Ueland at det ikkje var inntrykket hans at det vart drive rovdrift på odelsjord i preskripsjonstida. Han trudde derimot at eigarar arbeidde for å utbeta jorda for å gjera det vanskelegare for odelspretendar å løysa bruket inn. Om misbruk skjedde – slik han kjende til at det hadde i somme tilfelle – kunne dette rettast på ved å endra odelslova utan å endra grunnlovparagrafen. Dessutan kunne odelsretten framleis verka til å hindra oppsamlingar av eigedomar på einskildmenns hender. Landet hadde ingen adel lenger – han var avskaffa ved lov i 1821. Men enno fanst eit aristokrati – *pengearistokratiet*. Rikmenn hadde slått til seg jord i distrikt der misvekst og andre *«Ulykkestilfælde paa Jorden»* hadde ført bønder ut i økonomisk uføre. Utan odelsretten ville dei uheldige ha vore *«berøvet det Haab at han muligens ved Venners Hjælp eller paa anden Maade kunde faae Eiendommen igjen»*.⁵⁴ Niels Koren, representant frå Bergen, var ein av dei få kondisjonerte tingmennene som tala mot grunnlovsendring. Han meinte at det var god grunn til å ta omsyn til den sterke majoriteten i folket som slo ring om det grunnlovsfeste rettsinstituttet. Liksom Ueland gjekk han inn for å retta opp manglar ved endringar i sjølve odelslova.

⁵² Stortingsforhandlingar – «Innstillinger i Aaret 1851, første Deel, nr. 46, s. 209–213.

⁵³ Stortingsforhandlingar – «Kongelige Propositioner og Meddelelser fremsatte paa fjortende ordentlige Storthing i 1854, Tredie Deel, S. Nr. 66.

⁵⁴ Storthings Efterretninger 1857, s. 63.

Då saka kom opp til votering i stortingsmøte 23.mars 1857, røysta 64 for innstillinga, 46 imot, og framlegget fall. Regjeringa sette fram ein ny proposisjon med same innhald 17. juli 1857. Han kom til behandling i 1860, og i møte 10. mars fekk han berre 47 røyster. «*Fem Timers uafbrudt Debat om Odelsretten. Dennes Bibeholdelse blev daarligt forsvaret, men seirede dog ved Voteringen*», skriv Ludvig Daae i den politiske dagboka si.⁵⁵ Etter dette stakk motstandarane sverdet i slira; den eksistensielle striden om odelsretten var over for godt. Han er framleis grunnlovsfest.

Dei fleste av dei som ønskte odelsretten bort – i 1850-åra fleirtalet på Stortinget – var liberalistar. Som ideologi vart liberalismen bygd i opplysningstida. Han var ein integrert del av den unge moderniteten. *Fysiokratane* stod i fremste rekke blant kritikarane av dei gamle reguleringsregima i fleire land i kulturkrinsen vår. Dei hevda at statsinngrep i den produktive modernæringa berre kunne vera til skade. Næringsfridom var idealet og 'laissez faire' eit kjent slagord. Odelsrettsprinsippet streid mot fridomsideal, heldt ved lag tradisjonsoverførte bruksmåtar og hindra ei rasjonell forvaltning av jordeigedomar. Ved fri handel med gard og grunn kunne det derimot bli større rom for eit fysiokratisk-inspirert, framtidsretta jordbruk. Med gjennombrøtet for frihandelsdoktrinen i praktisk politikk⁵⁶ vart odelsretten eit utåleleg band på den frie omsetninga, også på kjøp og sal av fast eigedom.

Ideologisk stod liberalismen i gjeld til *naturrettsfilosofien*.

Kort ekskurs om naturretten allment

Hollandaren *Hugo Grotius* (1583–1645) er sett på som grunnleggjaren av den moderne teorien om naturretten.⁵⁷ A. P. d'Entrèves hevdar at det ikkje er i teoriinnhaldet Grotius bryt med den gamle skolastikken, men i *metoden*.⁵⁸ Målet hans var å byggja eit rettssystem som kunne overtyda og samla i ei tid med teologisk strid. Etterfølgjarar fullførde oppgåva hans, slik at den naturretten seinare var heilt sekulær.

Om naturretten består av eit regelsett som er heilt gyldig, må den måten vi brukar han på vera bygd på indre samanheng, seier Grotius. *For å vera vitenskap, må ikkje retten gjera seg avhengig av røynsle/empiri, men byggjast på definisjonar – ikkje på fakta, men på logiske slutningar*. Analogien til naturvitenskapen ligg nær. Denne filosofien vart utfordra av empirisk og utilitaristisk tenking mot slutten av 1700-talet. Men den tanken at rettsteorien skulle vera sjølvinnlysande og koherent, stod sentralt og sterkt heilt til revolusjonstida (omkring 1790).

Rasjonalisme var eit sentralt element i den moderne naturrettsstenkinga. Historiske prov kunne ikkje rokka ved den absolutte validiteten i naturretten. Men rasjonalismen var ikkje det einaste distinkte preget. Det normative aspektet var også sentralt. *Verdi* var eit viktig element. Den nye verdien var *individet* – individualisme er det andre framståande trekket ved moderne naturrett. Idear om individet og det individuelle går tilbake til gresk oldtid og er ein lang tråd inn i nytida. I dei amerikanske og franske

⁵⁵ Daae 1934, s. 71.

⁵⁶ Såleis vart vernetollen (importtollen) på korn, som hadde blitt kraftig auka i 1818, om lag halvert i 1851. Frå utgangen av 1860-talet vart han fjerna (havre) eller redusert til eit symbolsk nivå (bygg, rug).

⁵⁷ d'Entrèves 1970, s. 53ff.

⁵⁸ sst. s. 54.

revolusjonsdeklarasjonane møter vi ein ferdig teoretisk arkitektur. Det er ein politisk filosofi bygd på ei særskild forståing av det individuelle og samfunnet – og av tilhøvet dei to imellom.

Når vart den moderne individualismen fødd? For d'Entrèves står det klart at han kom med doktrinen om den *sosiale kontrakta*, det vil seia 'the social contract proper' – ei forståing av semje mellom individ som sjøve opphavet til det sivile samfunnet. Denne samfunnskontrakta er sjøve kjennemerket på den politiske teorien om individualismen. Og teorien om samfunnskontrakta kan ikkje tenkjast utan at den moderne naturretten la grunnen til han. Det nye låg ikkje i erkjennelsen av at einskildmennesket er fødd fritt og likeverdig alle andre, i erkjennelsen av ein opprinneleg naturtilstand, eller i behovet for ei forklaring på endringa som kom med framveksten av sosiale og politiske institusjonar. Det er i *skiftet i tyngdepunkt – 'accent'*, det nye ligg, seier d'Entrèves. Dette er ein del av det same skiftet vi finn i samband med transformasjonen av naturretten til eit reint rasjonelt og sekulært prinsipp. Tyngdepunktet skifter over til det individuelle. «*The social contract was the only possible way left for deducing the existence of social and political institutions once the reason of man was made the ultimate standard of values*».⁵⁹

– og i Anton Martin Schweigaard sin ideologi særskilt

Schweigaard var *primus inter pares* i embetsmannsrepresentasjonen på Stortinget i mannsalderen etter 1840. Han var hovudstrateg og fremste moderniseringsdrivkraft. Ideologisk stod også han i gjeld til naturrettsfilosofien. Om naturretten som ideologisk potet skriv Øystein Sørensen:

«Det karakteristiske for den brede, kontinentale naturrettstradisjonen fra Pufendorf er nettopp hensynet til samfunnsnyttan – 'det heles Vel', 'det fælleds Bæste', 'det almindelige Bedste' – er overordnet. I denne tradisjonen finner vi praktisk talt alle de reformvennlige eneveldetilhengerne i Danmark-Norge på 1700-tallet. (...). Hos dem kan man finne de samme typer reformer og den samme overordnede henvisning til samfunnsnyttan som hos Schweigaard – men med eksplisitt påberopelse av naturretten. (...). Naturrettstenkningen og naturrettstradisjonen er svært sammensatt. Naturretten er blitt brukt til å legitimere alle slags politiske forfatninger, til å legitimere bestående regimer så vel som opprør mot det bestående. Den er blitt brukt til å legitimere gjeldende positiv rett og til å skape ny rett. Naturrettsideen er i seg selv så abstrakt at det ganske enkelt er et spørsmål om hvilket innhold man vil legge i de naturrettslige normene. Noe tilsvarende kan man si om det utilitaristiske nytteprinsippet. (...).»⁶⁰

Vi kan skilja mellom to former for naturrett hos Schweigaard, hevdar Sørensen.⁶¹ For det første ei førestilling om ein lovmessig 'Naturens Orden', særleg knytt til økonomien, med røter tilbake til fysiokratismen. Den andre forma for naturrett er ei førestilling om eit sett overordna normer og grunnleggjande individrettar. Den kunne på ei side knytast til Guds vilje, på andre til folket si naturlige rettskjensle, til sedvanen og til ein naturtilstand.

⁵⁹ sst. s. 57–58.

⁶⁰ Sørensen 1988, s. 259.

⁶¹ sst. s. 271.

Karakteristiske uttrykk og formuleringar hos Schweigaard om naturretslege tilhøve er 'Tingenes egen Magt', 'Tingenes Nødvendighed', 'Naturens Orden' – til dømes: «*Det er ogsaa Naturens Orden, at nærliggende Nationer, som indbyrdes trænge til hinandens Produkter, ikke stænges fra hinanden*». Om frihandelsskepsis: «*Hvad der ligger i Tingenes Natur, maa seire*». Men Schweigaard var ingen naturretstenkjar i den forstand at han ville la naturretten være overordna den positive retten og ei rettesnor for lovgjevarane ved alle høve. Han trekte ikkje den same radikale konsekvensen av ideen om den naturlege ordenen som fysiokratane; han var ikkje tilhengjar av *laissez-faire*. Derimot ville han ha størst mogeleg frihandel og la pengevesenet utvikla seg etter sine egne ibuande 'lover'. Men han såg samstundes eit behov for statlege initiativ og inngrep i økonomien.⁶² Naturretslege og utilitaristiske element var samanvovne i argumentasjonen hans.

Då spørsmålet om fri handel på landsbygda var oppe i 1869, sette han seg imot liberalisering. Han var samd i at dette kunne vera mot «*Individets naturlige Ret, og deri kunde det være noget Sandt*».⁶³ Men no var motargumentet hans at den positive lovgjevinga ikkje bygde på slike naturretsprinsipp, og at ein måtte ta omsyn til det (!) Her kjem det *interessepolitiske* aspektet inn.⁶⁴ Det var interessene til embetsmenn, byar, næringsdrivande i byar, aksjeeigarar i Norges Bank, dei rike – m.a.o. eliten – Schweigaard var advokat for. Det 'Nyttige' for Schweigaard var ein moderniserande aktivitet, gjennomført av ein opplyst elite.

3.7 Næringsliberalisme, odels- og asetetsrett i 1850-ara

Ønsket om å marknadsopna og utvikla det norske jordbruket dikterte dei fremste moderniseringsagentane sine haldningar til kredittproblemet, jordskifte, spørsmålet om staten sitt engasjement for landbruksskulane, m.m.⁶⁵ Dei nytta snart naturretsleg, snart utilitaristisk funderte argument for å fremja moderniseringsmåla sine. Embetsmennene, dei velstående borgarane og bynæringane skulle ha framskotne posisjonar. Det var desse kreftene som kunne leia det norske samfunnet ut av den primitive, tradisjonsbundne bakleksa og inn i den moderne tida. Interessepolitikken vart vevd inn i moderniseringsretorikken med naturretslege eller utilitaristiske argument, alt ettersom det høvde.

I denne konteksten var odelsretten ein hemske. I debatten i august 1857 i samband med regjeringsframlegget om å ta vernet om odelslova ut av grunnlova, sa Schweigaard det slik: «*Jeg kan lægge til, at Odelsretten efter sin Natur og Tingenes Magt vil blive afskaffet*».⁶⁶ Det ligg ein utviklingsoptimistisk undertone i påstanden. Å kjempa mot den leia 'utviklinga' sjølv peika ut, kunne ikkje føra fram i det lange løp. 'Utviklinga' kravde, og det burde lovgjevarane ta omsyn til. Reforma – avviklinga av odelsretten – ville kanskje gå på tvers av tradisjonen og folkemeininga. Men fleirtalet ville nok innsjå det fornuftige i henne etter kvart.

⁶² J. A. Seip samlar desse tenke- og handlemåtene i omgrepet *byråkratiets teori*. Sjå Seip 1968, s. 63ff.

⁶³ Sørensen 1988, s. 269.

⁶⁴ sst. s. 260.

⁶⁵ sst. s. 131.

⁶⁶ sst. s. 128.

Odelsslova verka til å innsnevra næringsfridomen. Bortfallet av odelsretten ville vera til det beste for utfoldinga av den private eigedomsretten. Mange trudde tvert om: Tok ein bort odelsslova, var den frie eigedomsretten truga. Nei, odelsretten var ei hindring i denne samanhengen, hevda liberalistane. Han var både urettferdig og umoralsk, om lag slik Christian Colbjørnsens hadde sagt det femti år tidlegare: «*Men nu da det norske Feudal-System lykkeligviis er fuldkommen udryddet, fordrer Retfærdighed, i Forening med Statsklogskab, at Eiendomsretten sikkres imod Odelsprætendentes Antastelser*»⁶⁷

Odelssretten berga gjennom den kraftige motbøeren på 1850-talet – rett nok med klare modifikasjonar i lova: Den 28. sept. 1857 vedtok Stortinget for det eine at hevdstida skulle lengjast til 20 år. For det andre vart løysingsfristen korta ned til tre år. Samstundes vart det opna for at ein eigar kunne bestemma at det i framtida ikkje skulle hefta odelsrett ved eigedomen hans. Men medan forordninga i 1811 var ei de facto eller indirekte oppheving av odelsretten – ved at arvlataren aktivt måtte stadfesta det om odel skulle hefta ved bruket, vart det no opp til odelsmannen å presisera om det *ikkje* skulle hefta odel ved det. Mellom dei to paragraf-formuleringane var det altså ein vesensskilnad. At preskripsjonsfristen vart innkorta, gjorde handelen mindre uvisst for kjøparen. Det var ein føremon stortingsfleirtalet slutta seg til, jamvel om denne endringa gjorde det vanskeleg for ein del odelsmenn å skaffa løysingspengar i tide.

3.7.1 setesretten i lys av arveretten

Å styrkja *åsetesretten* var derimot ei god sak for embetsmennene og mange bønder. Tilhøvet til åsetesretten kom i fokus i debatten om arvelova i 1854, som likestilte dei to kjønna arverettsleg. Det heilt dominerande spørsmålet i denne samanhengen – frå stortingsdebatten om arvesaka tok til i 1845 – krinsa omkring arv til *jordeigedom*. Kva ville lik arv få å seia for åsetesretten si stilling og dermed for økonomisk og sosial utvikling i bondesamfunnet? Om søner og døtrer arva likt ved arveskifte, vart kvar lott mindre på sønene. Guten som tok over, fekk dermed mindre arv og meir gjeld til sysken enn før. Dette kunne føra til vanskar med å løysa ut arvingane, slik at åsetespersonen såg seg best tent med å dela garden, i verste fall å gå frå han, meinte somme. Tilhengjarane sitt fremste motargument var at takstane mange stader var rimelege – altså ikkje i samsvar med lovbookstaven om marknadspris i bygda, nettopp for å letta overtakinga av garden. Det viste seg også då justisdepartementet undersøkte spørsmålet i 1852, at det var vanleg å verdsetja garden under marknadsverdi i ein tredel av sorenskriveria i landet. Tilhengjarane av lik arv tolka dette som vilje til å verna om åsetesretten.⁶⁸

Det var austlandsbønder som var pådrivarar i arverettsspørsmålet, fortel Ingeborg Fløystad.⁶⁹ Dei såg truleg kredittpolitiske føremoner med reforma. Vestlandsbønder slutta opp om initiativet. På den kanten av landet hadde ein truleg praktisert lik arv lenge i mange bygder.⁷⁰ Økonomisk råderett over egne midlar og lik arv ville føra til at kvinner kunne disponera større midlar meir sjølvstendig enn før. Dette ville kunna gje meir kapital i omløp – truleg eit kjernepunkt for å forstå austlandsbønders haldningar til lovreforma. Det var jo på Austlandet omlegginga i næringa hadde nådd lengst og kapitalproblemet vart mest prekært i tiåra omkring 1850. Det var også her åsetesretten hadde sterkast

⁶⁷ sst. s. 129.

⁶⁸ Ingeborg Fløystad i Historisk tidsskrift 1990, s. 545ff.

⁶⁹ sst. s. 548.

⁷⁰ sst. s. 550.

legitimitet. Skulle åsetesmannen overta garden udelt, trong han meir frigjort kapital. Men det var usemje om lik arverett ville få slike kredittøkonomiske følgjer til beste for åsetesmannen. Kjønnssjamstilling vart også nytta som eit argument for det motsette synet: Kvinner var umyndige og mannen rådde over det kona måtte ha av formue. Dei fleste embetsmennene som tala mot lik arverett på tinget, hadde større tillit til søners enn til svigersønens kapitalforvaltning i denne samanhengen. Såleis fann dei at åsetesretten tvert om vart meir truga ved lik arverett – med meir bruksdeling som følgje og tilsvarende ulempe for moderniseringsprosessen i jordbruket.

Åsetesretten kom til behandling på tinget i 1862/63. Representanten Ole Richter lanserte eit framlegg om utvida åsetesrett i 1862. Det innebar retten til ein 'forlodd' til den best prioriterte arvingen til åsetet ved arveoppgjering. Denne favoriseringa av eldste son kunne fremja det verdige målet å «*opretholde en Adel, som hidtil havde været almindelig i enhver norsk Odelsbondes Hus*»,⁷¹ og motverka bruksdelingar – ein styggedom som svekka bondestanden økonomisk og sosialt. Dessmeir såg Richter eit konstitusjonelt trugsmål i utstykinga av jorda: Ein velståande og sterk grunneigarstand var den beste garantien for den frie norske forfatninga. Det 'Smaalændingskab' Richter såg veksa fram, var uskikka til å hevda politisk makt og styra rike og land. Men vestlandsbønder ville ikkje vita av ei *country squire*-utvikling (etter engelsk mønster) og vende framlegget ryggen. Dei fleste embetsmennene og byrepresentantane ville heller ikkje rokka ved prinsippet om lik arv, og dermed fall initiativet til Richter dautt til jorda. Eit framlegg som i hovudtrekk følgde Richters frå 1862, kom til behandling under stortingssesjonen 1868/69. Det viste seg like lite levedyktig som det førre.⁷²

Derimot vann eit framlegg frå Schweigaard om 'billig' pris for åsetesmannen brei tilslutnad då det kom til behandling i 1863. Det var altså norma for fastsetjinga av åsetesprisen som vart revurdert ved dette høvet. Frå utgangen av 1850-talet kom det eit økonomisk tilbakeslag etter dei gode tidene i jordbruket tiåret føreåt. Dermed kom kostnadsproblemet for den nye odelsmannen i skarpare fokus. Det verka som om bøndene som dreiv den nye arvelova igjennom i 1854, hadde vore veloptimistiske i spørsmålet om likviditet og betalingsevne til nye brukarar flest. For somme kom det tyngre arveoppgjering som ei ekstrabelasting i dei vanskelege 1860-åra. Om lovbokstaven om pris etter handelsverdet ikkje vart følgd i mange bygder, var det likevel ei stor gruppe som måtte tola store utlegg. I tillegg til dette kom kårskyldnaden. § 16 i lova fastsette at odelsmannen skulle gje «*et saadant Føderåd af Jorden, som Sorenskriveren med Laugrette skjønner billigt at være, efter Gaardens Størrelse, Forældrenes Trang og den Odelsberettigedes Vilkaar*». Dette var kårvilkår betre tilpassa eldre tiders naturhushald enn samfunnstilhøva i 1860-åra. Kårytinga vart ei tyngre utgift for mang ein bonde i driftsomleggingstidene som følgde i den andre halvdel av 1800-talet.

Lovteksten 9. mai 1863 lyder: «*Den Aasædesberettigede kan fordre sig Aasædet utlagt til den Priis, som af Arveladeren ved testament er bestemt. Har Arveladeren ikke på denne Maade tilkjendegivet sin Villie, bliver Værdien at ansætte ved en billig Taxt*». Med dette greip åsetesretten for første gong inn i arvefordelinga.⁷³ 'Billig' var eit lån frå plattysk, og ordet har to tydingar – «*som stemmer med rett og rimelighet*» og «*som ikke koster mange penger*». ⁷⁴ Det er den første tydinga som er implisert i teksten – det vart presisert under stortingsbehandlinga, og seinare rettspraksis følgde

⁷¹ Fuglum 1957, s. 171.

⁷² sst. s. 173.

⁷³ Pedersen og Strøm 1975, s. 135.

⁷⁴ Robberstad 1948, s. 255.

denne tolkinga. Det var ikkje noko i vegen for at 'billig' pris kunne vera jamstor med marknadspris – til dømes i samband med skifte mellom rike arvingar som rådde over større jaktvidder e.l. I ettertid vart det teke omsyn til eit breitt rettferdsgrunnlag i avgjerda om åsetesprisen.⁷⁵ Intensjonen med lova var at arvetakaren skulle klara å ta over garden.

3.8 Bøndene 'kom' og berga odelsretten – konklusjonar

Med Halvdan Koht sine ord hadde bondefolket halde seg «*liksom askeladden ved gruen, tilsynelatende daadløst, i virkeligheten rikt paa opsparte kræfter. Nu* (omkr. 1830, BG-komm.) *var med én gang dørene slaaet op til verden utenfor. Livet krævede daad*».⁷⁶ Den nesten sameinte overklasseoffensiven mot odelsinstituttet i 1850-åra møtte motstand frå ein bondestand som gradvis hadde styrkt medvitet om eige verd og samfunnsrolle både individuelt og kollektivt. Det bondepolitiske gjennombrøtet på den rikspolitiske arenaen kom ved stortingsvalet i 1832. Ved dette høvet verka den franske juli-revolusjonen i 1830 og parlamentsreforma i England i 1832 inspirerande og aktiviserande. Valordninga, som kravde manntalsføring, grunnlovseid, munnleg, open røysting og indirekte val, verka ikkje like hindrande på frammøtet valdagen i 1832 som ho hadde gjort tidlegare.⁷⁷ 'Bondeparagrafen' i Grunnlova, som sa at ein tredel av representantane skulle veljast frå byane og to tredelar frå bygdene, forfordelte bygdeveljarane gjennom heile hundreåret. Heller ikkje dette hindra fleire og sterkare motiverte veljarar frå å røysta inn ein radikalt større bonderepresentasjon på tinget i 1833: I 1820-åra var om lag 25 % av representantane frå landdistrikta bønder, bondelensmenn, kyrkjesongarar og andre av bondestand. Ved stortingsvalet i 1832 auka dette høvetalet til 47 %. Samstundes gjekk embetsmannsrepresentasjonen ned. Talet på bondetingmenn varierte omkring 40 % i ein mannsalder framover, før det auka på nytt frå utgangen av 1860-åra.

Bønder skreid inn på offentlege arenaer i større breidd for å fremja eigne tarv. 'Interesse' er sett saman av *inter esse*, som er latin for å 'vera i det' eller å 'delta'. I større og viktige saker fekk bønders interessenkamp frå 'bondestortinget' i 1833 og framover ofte preg av konflikt mellom bønder på ei side og embetsverk og penge-makt på den andre. I denne kampen om samfunnsrett vann det symbolske aspektet ved odelsretten større vekt – i tillegg til det reelt juridiske vernet han gav bondeætt mot investorar i jord, anten dei var av bondestand eller ikkje. Dette kan vi tolka slik at den meining – 'sense' – som dei kondisjonerte patriotane la i odelsbonde-omgrepet i den siste delen av 1700-talet, då dei gav dei verneverdige og positive sidene ved odelsinstituttet brei plass i argumentasjonen, vann utbreiing og samtykke – 'konsensus' – langt inn i bonderekkene i tiåra etter. Utan tvil spelte overgangsprosessen frå jordleige til sjølveige, som ved midten av hundreåret var inne i slutfasen, ei rolle i denne haldningsutviklinga. I 1814 var om lag 65 % av dei norske bøndene sjølveigarar. 50 år seinare hadde høvetalet vokse til 85 %. Fleire eigarar gav etter kvart fleire odelsmenn og dermed større demokratisk styrke til dette rettsinstituttet.

I debattane om odelsretten var bøndene *grunnlovskonservative*. Vern om konstitu-sjonen vart samstundes vern om odelsinstituttet. Det fremste symbolet på nasjonal

⁷⁵ sst. s. 258.

⁷⁶ Koht 1964 (1908), s. 78.

⁷⁷ Iflg. Historisk statistikk 1968 nytta vel 46 % av dei røysteføre valretten sin i 1829, 48 % i 1832 og 52 % i 1835.

sjølvhevdning, grunnlovsverket på Eidsvoll, vart tett kopla til det fremste symbolet på den norske bondefridomen. I embetsmannsretorikken vart omgrepet derimot tømt for den same symbolkrafta og attraksjonen i løpet av generasjonsperioden etter 1820. I 1850-åra var bondetalsmennene nesten åleine om å slå ring om odelsretten. Men det heldt til å berga han gjennom kamprundane på Stortinget frå 1848 til 1860.

4 Konsolidering ca. 1860–1940

4.1 – i nasjonsbyggingstider

Etter at det siste åttaket mot odelsretten var avverga i 1860, nærma tida seg for den store kampen om parlamentarisme. Johan Sverdrup var ei stigande stjerne på den rikspolitiske himmelen og strategisk alliansebyggjar. Forliket mellom Sverdrup og Jaabæk i 1871, då bondefleirtalet slutta rekkene bak Sverdrup, var eit vendepunkt i denne konteksten. No gjekk den lange konflikten mellom kongemakta og det gamle embetsmannsregimet på ei side og den samansette opposisjonen på den andre inn i ein lang og stendig meir kritisk slutfase. Jamvel om den økonomiske liberalismen nådde eit høgdepunkt i 1870-åra, var odelsretten knapt nok eit rikspolitisk tema, korkje prinsipielt eller i detaljar. Dei som hadde leia kampen mot det grunnlovsfeste odelsinstituttet, kom på den politiske defensiven. Dessutan skuggela forfatningskampen andre kontroversielle saker.

Lite vart endra ved odelsretten også etter 1884, då opposisjonen tok over regjeringsmakta.⁷⁸ Med eit par Slagstad-uttrykk var det halve hundreåret som følgde etter 1884 'venstrestaten' og 'folkedaningsheimen' sin periode. Bønder og bondeættlingar hørde til kjernetroppane i politikk og kulturutvikling i det meste av denne bolken, og det fanst knapt noka grunnleggjande usemje om odelsinstituttet *innan* bonderekkene i denne perioden.

Tidleg i 'venstrestat'-perioden vart unionskonflikten skjerpt, særleg dei siste ti åra før unionsoppløysinga i 1905. Då var det ikkje tidhøveleg å stilla spørsmål ved eksistensen til, eller grunnleggjande endringar i, det fremste symbolet på den norske bondefridomen. I 1895 gjekk likevel eit framlegg til regjeringa om å vurdere om odelslova burde takast opp til revisjon i gjennom i Stortinget med 52 mot 30 røyster. Det var ein føresetnad at alle heradsstyra i landet i første hand vart bedne om å gje fråsegner i saka. Justisdepartementet tok dette straks til følge, og sende ut

⁷⁸ I tida etter 1873 kom det ikkje eit einaste stortingsframlegg til endring i odelslova, til lov 9. mai 1891 avgrensa retten til hogst i tida før forliksbehandling av odelspåtale og etter innløyning.

spørjeskjema til heradsstyra og embetsmennene i den sivile distriktsforvaltninga med 12 spørsmål om odels- og åsetesrettane. På det første spørsmålet – «*Bør odelslovgivningen revideres*» – svarte 25 % av heradsstyra *nei*, ca. 37 % *ja*, medan like mange ikkje kommenterte spørsmålet. Ikkje-svar-prosentsen var særleg høg i Nord-Noreg, der ein større del av heradstyra ikkje fann desse rettane relevante i sine bygder. I Sør-Noreg varierte haldningane. Men i mange jordbruksbygder hadde odelsretten knapt kome på rettsleg prøve; ein kjende knapt til tilfelle som aktualiserte ein lovrevisjon. I særleg grad galdt dette i Strinda og Selbu sorenskriveri i Trøndelag. Her leverte ikkje eit einaste av heradsstyra fråsegner i det heile. I kommentaren frå sorenskrivaren heiter det at det hadde vore beramma berre éin odelstakst i distriktet dei siste tjue åra, og sjølv denne eine vart trekt under behandlingsprosessen.⁷⁹ Odelsinstituttet hadde fungert knirkefritt – i alle fall slik at det ikkje kom til rettslege prøvingar. Dette er heller uventa, fordi omlandet til Trondheim er ein del av dette området, og byen var inne i ein ekspansiv fase i desse åra.

I det heile var det svært få heradsstyre som hadde tunge innvendingar mot odelsinstituttet. Eit kombinert fleirtal ønskte derimot ikkje endringar eller hadde ikkje noka meining i saka.

Revisjonsframlegget kom ikkje som proposisjon til Odelstinget før i sesjonen 1906/07⁸⁰ – frå den liberal-konservative regjeringa til Christian Michelsen. Den kombinerte justis- og landbrukskomitéen fekk seg førelagt framlegg til radikale endringar. Dei to viktigaste galdt forlenging av hevdstida frå 20 til 30 år og nedkorting av løysingstida frå 3 til 2 år. Over tid ville dei kunna korta ned talet på odelsbruk vesentleg. Men komitéfleirtalet avviste dei fleste punkta i proposisjonen og la fram eit eige, sterkt avgrensa utkast til lov. Det slo kort sagt fast at hustomter, industrianlegg og offentlege føremål skulle vera odelsfrie.⁸¹ Framlegget gjekk igjennom i Stortinget, og det vart sanksjonert 16. juli 1907.

Ved desse tider leverte Johan Castberg, frå 1911 leiar for det nyskipa arbeidar- og småbrukarpartiet *Arbeiderdemokratene*, ein interpellasjon i Stortinget, der han stilte spørsmålet «*Hvad agter regjeringen at foretage til forebyggelse af, at vort lands vandkraft mer og mer gaar i udenlandske hænder?*»⁸² Castberg vart justisminister i Gunnar Knudsen sitt første ministerium i 1908, og han var hovudarkitekten for konsesjonslovene, som kom til stortingsbehandling same haust. Hovudmotivet bak *heimfallsprinsippet* og andre restriktive element i desse lovene reflekterte ei nasjonal-demokratisk kapitalisme-kritisk, dels også anti-imperialistisk, haldning.⁸³ Lovkonseptet var prega av skepsis til stordrift og storindustri. Dette synet delte Castberg med bl.a. Chr. Michelsen, og det fall i god jord blant stortingsbønder og bygdefolk meir allment. Det er her ein implisitt korrespondanse mellom vernet om nasjonale interesser og heimfallsretten gjennom konsesjonslovene på riksnivået og odelsinstituttet og den retten til 'heimfall', det vil seia innløyning, som medlemmer av odelskrinsen på den einskilde garden hadde.

Landbruk var lenge enno den største næringa. Det spegla seg av i stortingsrepresentasjonen. I perioden 1913–15 var til dømes nesten halvdelen av bygde-representantane 'gardbrukarar' (38 av 82), dvs. nær 1/3 av den samla representasjonen.⁸⁴ 1910-talet var dessutan ein stor vekstperiode i bøndene sine eigne

⁷⁹ Stortingsforhandlinger 1906/07, bind 3, ot. prp. 14, tillegg «*Uddrag af erklæringer (...)*», s. 6–123.

⁸⁰ Ot. prp. 14 1906/07.

⁸¹ Innst. O. X. 1906/07 i *Stortingsforhandlinger 6b 1906/07*, s. 12–13.

⁸² Nærbøvik 1999, s. 247.

⁸³ sst. s. 248–249.

⁸⁴ Lindstøl 1914, s. 689ff.

fagforeiningar, først og fremst i Landmandsforbundet,⁸⁵ i mindre mon Småbrukarlaget. 'Den norske bonden' var den ideologisk-retoriske krumtappen i strevet for klassemobilisering og partidanning i Landmandsforbundet i desse åra. Men det var også uttrykkeleg skilnader på bønder i forbundet sin retorikk. 'Odelsbonden' var tradisjonsberaren og inkarnasjonen av det fremste og beste i den nasjonale bondekulturtradisjonen. Han var 'den egentlige bonden',⁸⁶ som heldt ætt og gard for eitt og det same. Det var først og fremst odelsbonden som bar oppe dei historiske og nasjonale verdiane som bonderørsla var tufta på; han var garanten for kontinuitet, soliditet og bondesjølveige. 'Kjøpebøndene' var meir ustabile innslag i standen, om dei var storbønder austpå eller nybrotsmenn nordpå.

1910-talet var ei tid med sterk auke i jordprisane og ei akselererande bruksomsetning. Denne marknadsturbulensen verka til å forsterka den hundreårgamle odelsbonderetorikken. Omgrepet fekk såleis større bruksverdi og fornya symbolstyrke i den politiske talekunsten i Landmandsforbundet. Odelsinstituttet – krumtappen i denne ideologien – kom rimeleg nok ikkje på nokon eksistensiell prøve i denne tida.⁸⁷

4.2 – i bureisingsar

Mellomkrigstida var ein turbulent periode i økonomi og samfunn. «*Mot slutten av 20-åra kom problema i bygdene – arbeidsløysa og arbeidskampane i skogen, gjelda og prisfallet i landbruket – til å stå i fokus i norsk samfunnsdebatt*», skriv Olav Rovde.⁸⁸ Å forma ein effektiv krisepolitikk vart ei stor utfordring – ikkje minst for Bondelaget og Bondepartiet. Sommaren 1933 fekk Bondelaget gjennomslag i Stortinget for ei endring i odelslova. Ved odelsløysing skulle all gjeld som oversteig odelstakstane, falla bort. Kreditorane måtte ta tapet.⁸⁹

Men 1920- og -30-åra var også ei kulturell og økonomisk bygdeveksttid og ein sterk *bureisingsperiode*. Den organiserte bureisinga hadde starta med *Selskabet til Emigrationens Indskrækning*, skipa i 1908, med bondehovdingen Johan E. Mellbye som formann. Frå hundreårsskiftet hadde utvandringa teke seg kraftig opp att, etter ein periode med lægre intensitet på 1890-talet. No emigrerte folk i flokk og følgje igjen, først og fremst unge menneske. Der dei enno dreiv jordbruket på tradisjonell og arbeidsintensiv måte, vart mangelen på arbeidskraft prekær ved den sterke fråflyttinga. Som namnet fortel, var hovudmotivet til stiftarane av det nye selskapet å motverka denne tendensen. Det fekk det nye namnet *Ny Jord* i 1915, og vart då meir eintydig ein bureisingsorganisasjon til å styrka jordbruket og matforsyninga under krigen og – viktigare etter kvart – til å fremja sysselsetjinga i mellomkrigstida, då opningane for emigrasjon vart strupte og arbeid mangelvar. I 1920 vedtok Stortinget nye reglar for statleg stød til nydyrking og følgde seinare opp med nye særtilskot til bureising. Grunnsynet bak desse tiltaka slo igjennom i den nye *jordlova* i 1928 – eit av dei mest radikale lovverk i sitt slag i Vest-Europa. I denne lova vart det m.a. slått fast at det

⁸⁵ Landsmøtet i forbundet vedtok i 1920 at forbundet skulle delast i ein partipolitisk del, Bondepartiet, og ein fagpolitisk del, Norges Bondelag.

⁸⁶ (1) Rovde 1995, s. 221–222, (2) Ohman Nielsen 2001, s. 73.

⁸⁷ Mange i fremste rekke i Landmandsforbundet utvida klangboten for 'muldens evangelium' i bondesamfunnet. Men det fanst også fleire som fremde ein meir nøktern idé- og interessedepolitikk – som t.d. professorane Sigv. Hasund og Jon Skeie. Sistnemnde var nestformann i forbundet 1916–1918.

⁸⁸ Rovde 1995, s. 255.

⁸⁹ sst. s. 297.

offentlege hadde *plikt* til å skaffa jord til den som ønskte det, anten ved kjøp, forkjøp eller ekspropriasjon.⁹⁰ Det var ein føresetnad at ekspropriasjon eller kjøp/sal gjennom offentlig instans utsletta odelsrett – til rettsvern for bureisarane.

Ved revisjonen 9. juni 1936 vart odelslova utvida: Heretter kunne *alle* bureisarar kjenna seg trygge for løysingskrav frå odelsrettshavarar. Som nemnt fall retten til innløysing av ekspropriert jordbruksareal bort med heimel i jordlova frå 1928. Men dei mange som på eiga hand og ved frivillig avtale kjøpte dyrkingsjord til bureising, hadde ikkje hatt dette vernet. Det kunne jamvel bli vanskeleg å få etableringskreditt på grunn av potensielle løysingskrav. I debatten om proposisjonen i 1936 konkretiserte representanten Albert Moen frå Sparbu i Nord-Trøndelag problemet: Ein granneungdom til Moen hadde fått kjøpa 80 dekar (daa) udyrka jord til bureisingsheim. Kjøpet fekk godkjenning i jordstyret, bustadbanknemnda og heradstyret. Av departementet fekk han «*innvilget vanlig 7 års rente- og avdragsfrihet, og han fikk videre tilsagn om 1 800 kroner i uthusbidrag*». Men lån i småbruksbanken fekk han ikkje, fordi det kvilte odelsrett på bruket.⁹¹ Med Moen si hjelp ordna finansieringa seg for denne ungdomen likevel, elles hadde han møtt veggen før odelsløysingstrugsålet i det heile kunne bli aktuelt.

Alt i stortingsdebatten om odelslov-revisjonen i 1907 hadde Johan Castberg levert eit framlegg om at små arbeidarbruk skulle vera frie for den odelshevd og løysingsrett seljaren og hans ætt eventuelt hadde.⁹² Ved det høvet gav Castberg uttrykk for at odelslova kunne utviklast meir i retning av «*homestead-ordningen i andre lande, en ordning, som man nu lægger vekt paa at faa udviklet istedenfor at faa indskrænket*». Framlegget fall ved dette høvet. Då vernet mot odelsløysing vart utvida og gjort allment for arbeidar- og bureisingsbrukarar på line med andre bønder tretti år seinare, var det heilt ut i Castbergs ånd. No var det heller ikkje nokon av stortingsrepresentantane som uttrykte prinsipielle innvendingar mot odelsinstituttet, snarare tvert om.⁹³ I lovendringa i 1936 vart det slått fast at bureisar og hans ætt skulle kunna vinna odelshevd på sin grunn liksom andre gardbrukarar. «*De norske lovgivere fant m.a.o. at også en småbrukers ætt bør nyte godt av den 'erkearistokratiske' rettsordning, som Ørsted betegnet odelsretten*», er Jon Skeie sin syrlege kommentar.⁹⁴ Under odelstingsdebatten om revisjonen av odelslova i 1907 innleidde Johan Carstberg det første innlegget sitt slik:

«*Jeg vil først gjøre den almindelige bemerkning om den sag, som der her handles om, at det staar for mig saaledes, at ethvert forsøk i retning av å avskaffe eller væsentlig begrense odelsretten er reaksjonært – at odelsretten med andre ord er et gammelt udtryk for en tanke, som ikke alene i og for sig er høist moderne, men som jeg mener bør udvikles mere, end tilfældet nu er.*»⁹⁵

⁹⁰ (1) Rovde 1998, s. 106, (2) Lidtveit 1979, s. 740f. – Lidtveit presiserer at denne lovparagrafen ikkje vart det tvangsmidlet som mange bønder frykta. I perioden fram til den nye jordlova i 1955 var dei frivillige ordningane, i alt 7 600, langt fleire enn ekspropriasjonane (2 800). Ekspropriasjonane var relativt flest i samband med brukarovertaking av husmannsbruk og bygsel- og leiglendingsbruk (1 280 av i alt 3 082, dvs. vel 40 %), men svært få i samband med skiping av nye (bureisings-) bruk (271 av i alt 3 682, dvs. vel 7 %).

⁹¹ Stortingsforhandlingar 1936, nr. 8 – Tidende O & L, s. 413. – Albert Moen representerte DNA i åra 1922–45 frå Nord-Trøndelag – der ytter-Namdalen var eit av dei fremste bureisardistrikta i landet i mellomkrigstida.

⁹² Stortingsforhandlingar 1906/07, bind 8, s. 903.

⁹³ (1) Stortingsforhandlingar 1936, nr. 3, ot. prp. 16 – «*Om forandring i odelsloven*»,

(2) Stortingsforhandlingar 1936, nr. 8 – Tidende O & L, s. 413–434.

⁹⁴ Skeie 1950, s. 35.

⁹⁵ Stortingsforhandlingar 1906/07, bind 8, s. 903.

Slik hadde Castberg gjort sitt til å venda bladet. Alt då slo han til lyd for at små bruk – også parseller under 5 daa – burde vera objekt for odelshevd. Medan liberalisten Ørsted såg på odelsretten som ein forkasteleg lovskipnad, vurderte sosialliberalaren Castberg eit slikt standpunkt som reaksjonært åtti år seinare. Og i 1930-åra hadde den positive vurderinga av odelsinstituttet vunne allment samtykke i Stortinget. I norsk etterrevolusjonær, sosialdemokratisk politikk – i 'by og land – hand i hand'-tidene mot slutten av mellomkrigstida, var fleirtalssynet på odelsretten vendt til å bli eit attraktivt og tenleg rettsinstitutt. For lovendinga i 1936 kom året etter at Arbeidarpartiet hadde teke over regjeringsmakta, og begge kammer i Stortinget gjekk *samrøystes* inn for endringa. Odelsretten var ikkje lenger ein 'kakserett' i talekunsten til Arbeidarpartiet. I alle rikspolitiske krinsar var han blitt til små og store bønders allmenne rett både reelt og retorisk.⁹⁶

4.3 Hundre ars konsolideringsutvikling – konklusjonar

Vi ser at det var ei rad ulike og gode grunnar til at det ikkje kom til å stå om livet eller helsa til den norske odelsretten gjennom dei 80–90 åra som følgde etter 1860. Han syntest derimot svært vital i ei tid då dei avvikla restane av tilsvarande rettsordningar i dei andre skandinaviske landa.

Styrken i retten synest størst på symbolplanet, slik det kom til uttrykk på det politisk-ideologiske nivået i samfunnet – i nasjonsbyggingstida frå andre halvdel av 1800-talet til eit stykke inn i det neste hundreåret. Då det bles som hardast omkring odelsinstituttet i 1850-åra, var grunnlovsfestet den naudsynte føresetnaden for at det berga gjennom stormen og nådde inn i rolegare farvatn. Det var fleirtal på tinget for å fjerna retten då, men ikkje det kvalifiserte fleirtalet som skulle til for å endra Grunnlova. Samanlikna med andre europeiske land hadde Noreg meir demokratiske styringsskipnader lokalt og på riksnivået på denne tida. Den relativt store bonde- og bygderepresentasjonen i Stortinget var ein viktig føresetnad – både for voteringsresultata i 1857 og 1860 og for den trygge status odelsinstituttet vann i åra som følgde.

I bureisingsperioden mellom verdskrigane vart odelsretten etter kvart ei god sak vidt og breitt i det rikspolitiske miljøet. Ei vending kom i 1920-åra, då småbrukar-tilsiget i Arbeidarpartiet sin veljarmasse voks, og dette partiet meir og meir vart småbrukarar og Småbrukarlaget sitt fremste talerøyr i rikspolitikken. Arbeidarpartiet sette eit sterkt stempel på jordlova i 1928 og dei radikale innslaga ho fekk. Kriseforliket og inngangen til Nygaardsvold-regjeringa i 1935 symboliserer eit vendepunkt i norsk politikk. 1935 var også året då spørsmålet om eit organisasjons-samarbeid mellom DNA, LO og Småbrukarlaget vart formelt stilt.⁹⁷ Den permanente samarbeidskomiteen mellom Småbrukarlaget og Skog og Land vart tømra i 1937, og i 1939 vart likestillinga mellom Småbrukarlaget (og Fiskarlaget) og fagrørsla konfirmert på Arbeidarpartiet sitt landsmøte.

⁹⁶ Intensjonen med lovtillegget i 1936 var å hjelpa bureisarar. Men dette kom ikkje eksplisitt fram i lovteksten. Derfor oppstod det i ettertid tilfelle av tvistemål om odelsrett til nybrottsfelt til bureisingsbruk. (Voss 1966, s. 109).

⁹⁷ Framlegget kom frå Hedmark fylkesparti av DNA. Innslaget av bureisarar og andre småbrukarar var relativt stort i dette fylket, som også var ein del av Arbeiderdemokrat-bastionen på Opplanda på 1910-talet.

Vi kan dra ei 30-års line i tilhøvet mellom småbrukar-/arbeidarbrukspolitikk og odelsrett – frå Castberg sine perspektiv i odelsrettsdebatten i 1907, via Arbeiderdemokrat-ideologien, den sterkare appellen DNA vann i den *samla* arbeidarbefolkninga i åra omkring 1930 og fram til lovfestinga av odelsinstituttet for alle jordbrukarar i 1936. Denne utviklinga profilerer den særnorske utviklinga av odelsinstituttet i ein periode då styresmakter i andre land strauk det frå lovkartet.

Kunnskapen vår om det normative festet odels- og åsetesrettane hadde i bondesamfunnet, kviler på eit smalt forskingsgrunnlag. Men det verkar som om fiskarbondedefolk i Nord-Noreg hadde ei indifferent haldning til begge rettane. Berre eit lite mindretal ser ut til å ha vurdert odelsretten som relevant i samband med transaksjonar eller slektsoverdragingar av gardsbruk. Dei hadde eit fleksibelt tilhøve til prioritetsrekkefølga. Ein del av forklaringa på desse haldningane er tvillaust at sjølveige og aktualisering av odelsretten på brei front kom seint i nord. Haldningane hang også i hop med kombinasjonsbruksøkonomien nordpå og i større delar av kyst-Noreg: Gardsbruket var viktig nok. Men andre sysler hadde større prestisje i lokalsamfunnet, og dei vog tyngre i hushaldsøkonomien i heimar flest.

I fleire av dei beste jordbruksbygdene sørpå ser ikkje generasjonsskifta ut til å ha skapt store problem. Som regel følgde eldste sonen faren på garden. Åsetesretten stod gjennomgåande sterkare i mange breibygder enn elles i landet. Eit særskildt karakteristisk døme er Inderøy i Nord-Trøndelag. Her syner 1886-matrikkelen at over halvdelan av alle matrikkelgardane var udelte enno mot slutten av dette hundreåret. Men jamvel i jordbruksdistrikt der dei aller fleste gardane vart brukdelte, fekk odelslova kvila i fred for kiv og rettsleg strid. Som nemnt galdt det i særleg stor grad i Strinda og Selbu sorenskriveri i den siste delen av 1800-talet. Men i mange fleire bygdelag var røynsleane tilsvarande, om ikkje like utprega.

Også i breibygder har vi døme på at bondefolk flest handterte odelsretten om lag like fleksibelt som i kystdistrikta i vest og nord. I ei undersøking av eigarskifte i akershusbygda Ullensaker på 1800-talet har Elin Geire vist at transaksjonane mellom bønder og ikkje-slektningar var fleire enn bruksoverdragingane innan kvar huslyd/slekt gjennom heile hundreåret. Det var samansette årsaker til denne store delen transaksjonar utanom odelskrinsen. Men undersøkinga syner i alle fall at odelsinstituttet ikkje verka særleg sterkt normativt, eller plikt-etisk bindande, for bondefolk i denne hovudstad-nære bygda.⁹⁸

Driftsstabilitet, prediktabilitet (forutsigbarhet) og rettsvern – i mellomkrigstida ikkje minst for småbrukarar –, likeins vernet mot spekulasjon i jord, var allmenne argument for å vedlikehalda odelsinstituttet gjennom hundreårsperioden.

Motstanden mot odelsinstituttet blant bygdefolk ser ut til å ha vore sterkast i hovudstodomlandet og i bygdelag der skog tradisjonelt har vore ein viktigare ressurs og investeringsobjekt enn andre stader. Av den nemnde rundspørjinga som vart sendt ut til kommunar og embetsmenn i 1895, ser det ut til at misnøyen med odelsretten vart tydelegast aksentuert i Østfold, Akershus og bygdene langs Glomma. I desse distrikta var fleire, ulike element kombinerte som gjorde dei lovfeste odels- og åsetesrettane meir eller mindre irrelevante, lite bindande eller somtid uønskte. Det vekslende og samansette grunnlaget for haldningane var ein sterk åsetesrettsleg praksis, kapitalistiske skogbruksinteresser, konjunkturavhengige jordinvesteringsinteresser i sentrumsområdet, o.a.

⁹⁸ Geire 1996, s. 133–161, 207.

5 Etterkrigstid og nye lovverk på landbrukssektoren

Tidene kom til å endra seg vesentleg på alle samfunnsnivå omkring midten av det 20. hundreåret. Sett i eit lengre tidsperspektiv, representerte den andre verdskrigen eit vendepunkt. Jamvel om det for landbruket sin del går fleire og breie liner bakover til mellomkrigstida – ikkje minst i forvaltningssamanheng, var krigen eit tidvende også på denne sektoren. På det politiske samfunnsnivået innebar det eit skifte i tyngdepunkt frå det sosialpolitiske feltet i mellomkrigstida til det drifts-økonomiske i etterkrigstida. Jordbruket hadde vore naudhamn for stendig fleire før krigen. Folkeoverskotet som hadde bygd seg opp på bygdene, vart redusert i krigsåra, då alternativ til bureising eller sesonglediggang kom med dei mange nye arbeidsplassane innan infrastrukturbygging, som okkupasjonsmakta (Organisation Todt) sette i verk. Etter krigen skaut utferda frå bygdene større fart. For mange var anlegg- og fabrikkarbeid attraktive gulrøter i seg sjølv. Med mellomkrigstida som erfaringsbakgrunn såg bondeungdom ei langt meir lokkande framtid i sekundær- og tertiærnæringane enn i modernæringa. Med nye kulturelle 'briller' fekk synet på næringa eit endra meiningsinnhald: I etterkrigsåra stod 'jordbruk' meir enn nokonsinne for umoderne, baktung tradisjon, slit og dårleg utkome – ikkje for alle, men for ein større del av dei yngre aldersgruppene på bygdene. Offisiell statistikk stadfester då også at lønsevna i jordbruket var skral: Frå eit lågt utgangspunkt auka lønsevna relativt kraftig i åra 1948–1951, før framgangen flata ut og snudde til *tilbakegang* i åra 1953–1958, som var år med jamn lønsvekst i dei andre næringane.⁹⁹

⁹⁹ (1) NOS VI. 118, *Statistisk årbok 1952*, SSB 1953, s. 85,

(2) NOS XII. 24, *Statistisk årbok 1960*, SSB 1960, s. 57. I landsgjennomsnitt var lønsevna (dvs. 'arbeidskostnad + fortjeneste/arbeidsinntekt i alt for familie og leiehjelp') i åra 1947/48–1958 (kroner pr. daa): 71, 93, 105, 111, 113, 116, 119, 115, 103, 142, 105, 104. Året 1956 skil seg positivt ut. Regionalt skil Jæren og Boknafjord seg ut med radikalt høgre lønsevne enn alle andre distrikt i det meste av perioden.

Under det sosialdemokratiske moderniseringsregimet etter verdskrigen fekk gjenreising og eksportbasert næringsutvikling fremste prioritet. Viktige premisser for å kunna frigjera arbeidskraft til bygg- og anleggsverksemd, ny tungindustri, m.m., utan at produksjonsevna i landbruk og fiskeri vart veikare, var kapitalintensivering og spesialisering i primærnæringane. Gjennom det korporative samarbeidet mellom næring og stat var bøndene sine egne fagorganisasjonar aktivt med på å styra strukturomlagingsprosessane.

Allmenngjeringa av odelsretten før krigen var den viktige bakgrunnen til at dette rettsinstituttet ikkje kom i brennpunktet i dei første tjue etterkrigsåra, korkje prinsipielt og eksistensielt eller ved nokon gjennomgripande revisjon. Lova vart justert ved nokre høve.¹⁰⁰ Men styrking av andre styringsgrep i arealforvaltinga var viktigare. Frametter i det 20. hundreåret har ulike lover og reglar om *offentleg forkjopsrett* vore reiskapar til å løysa problem og behov etter kvart som skiftande politiske regime har funne dei naudsynte og tenlege. Rettsreglane i *jordlova 18. mars 1955* peikar seg ut i denne samanhengen. Med *konsesjonslova 31. mai 1974* var ein førebils sluttstein i denne utviklinga sett ned.

Konsesjonslova og den nye *odelslova 28. juni 1974* vart knesette med ein månads mellomrom. Vi skal snart gå nærare inn på nokre sentrale endringselement i den nye odelslova og historisera dei. Men aller først ser vi på dei prinsipp og reglar i jord- og konsesjonslovene som ligg i grensefeltet mot odelslova.

5.1 Konsesjons-, forkjops- og odelsrett

Den første reguleringa av kjøp av fast eigedom i norsk moderne tid kom med lov om norsk statsborgarrett m.m. 21. april 1888. Tidlegare hadde alle lik rett til å tilhenda seg eigedom – utlendingar på lik line med nordmenn. Lova etablerte *konsesjonsplikt* for alle som ikkje hadde statsborgarskap i landet. Først på 1900-talet kom fleire nye konsesjonslover. Dei galdt først og fremst visse typar fast eigedom – som skoggrunn, vassfall, bergverk, m.m. Dei vart utarbeidde og iverksette ettersom behova melde seg – utan systematisk samordning.

Den *offentlege forkjopsretten* har ei kortare forhistorie i norsk rett.¹⁰¹ Dei første reglane kom inn i skogkonsesjonslova i 1909, og dei heimla kommunal forkjopsrett i nærare definerte tilfelle. Seinare vart retten utvida etter ulike liner, dels ved at fleire typar grunn vart underlagde forkjopsrett, dels ved at anten stat og/eller kommunar fekk heimel i ulike tilfelle.¹⁰² I 50-års-perspektivet ser vi at intensjonane med lovgjevinga på dette feltet etter kvart vart fleire. Dei utvida forkjopsrettane skulle verka nasjonalproteksjonistiske, til å hemma spekulasjon og monopoliserings-tendensar, bøta på sosiale skadeverknader ved eigedomstransaksjonar, påverka eigedomsstrukturen og løysa 'jordspørsmålet', og til å skaffa det offentlege fast eigedom til ymse føremål. Etter jordlova i 1955 fekk staten «*forkjopsrett til jord, skog og fjell og alle slags tilhøyrande rettar som går over til ny eigar ved sal, arv, skifte eller tvangssal*». Av § 18 går det fram at forkjopsrett etter jordlova stod tilbake

(3) *Driftsgranskinger i jordbruket. Regnskapsresultater 1958*, NLI 1959, s. 110–111. Under «*Hovedoversikt for alle bruk*» ser vi her at lønsevna *pr. time* viste om lag same tendens i den ovannemnde tiårsperioden som lønsevna *pr. daa*. I 1958 var ho t.d. kr. 2,31. Til samanlikning var timeløna i snekkarfaget kr. 6,57 dette året (NOS XII. 24, s. 211).

¹⁰⁰ Sjå lovendringar 14. nov. 1947, 20. juni 1952, 18. mars 1955, 14. juni 1963.

¹⁰¹ Les om 'forkjopsrett' og 'tilbodsrett' i Austenå 1976, s. 28ff.

¹⁰² I 1913 kom lov om erverv av myrstrekningar, i 1915 tilsvarande om fjellområde. I 1920 vedtok Stortinget lov om avgrensa høve til erverv av dyrka mark, som gav kommunar forkjopsrett.

for den same etter konsesjonslovene. Slik vart retten til staten subsidiær i høve til den kommunale når det galdt skog og dyrka mark.

Som nemnt var jordlova i 1928 først og fremst sosialpolitisk motivert i ei krisetid. Eit viktig siktemål med jordbrukspolitikken på den tida var å auka talet på sjølveigarbruk. Etter 1945 vart dette målet reversert: No vart det om å gjera å skapa færre og 'berekraftige' bruk under politiske og økonomiske samfunnsvilkår ulike dei som galdt omkring 1930. Den nye jordlova 1955 var prega av ei medviten rasjonaliserings- og driftsøkonomisk haldning. Eit tillegg til § 14 i odelslova – om høvet til å dela gardsbruk mellom arvingar – er eitt uttrykk for dette: Det skulle heretter vera tillate å dela «*med samtykke av Fylkeslandbruksstyret*». Dette nye vilkåret var ei avgrensing i delingsretten og samstundes ei styrking av åsetesretten. Ein av intensjonane med den offentlege forkjepsretten ved sal av jord m.m. var nettopp å hjelpa fram ei utvikling mot større bruk – 'familiebruk', som var store nok til å gje arbeid og utkome til ein familie på eige bruk – slik ein meinte det moderne jordbruket kravde. «*Utviklinga hadde synt at den vegen ein slo inn på i 1928 ikkje var farande lenger*», skriv Aslak Lidtveit. Skriftfesting av dette synet er offentleg dokumentert i fleire etappar – jf. Jordbrukets produksjons- og rasjonaliseringskomité av 1946 (1949), Tilråding I frå Jordlovkomiteen (1951), Ot. prp. nr. 59 for 1953, m.m. Ikkje alle var samde i at rasjonaliseringsomsyn skulle vera avgjerande for bruken av reglane i jordlova. Også no fanst det stortingsrepresentantar som argumenterte sosialpolitisk, men dei var i mindretal.¹⁰³

Då arbeidet med ei ny konsesjonslov tok til i 1957, var hovudmotivet å samarbeida einsarta reglar som omfata all fast eigedom og fastsleggja grunnleggjande prinsipp for vurdering og avgjerd i einskildsaker. Unntaket var konsesjonslover som høyrde under Industridepartementet. Den nye lova skulle verna om landbruksareal og –næring, kommunale behov for utbyggingsgrunn og allmenne natur- og friluftinteresser. Konsesjonslova 31. mai 1974 vart såleis inga særlov for landbruket,¹⁰⁴ ulikt jordlova, som uttrykkeleg var ei næringslov. Men jordlova og den delen av konsesjonslova som vedrørte landbruksnæringane supplerte kvarandre. Intensjonen i § 1 i sistnemnde – «*å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet*», korresponderer til det overordna målet med jordlova i 1955 – å fremja skiping av jordbruk som alt i alt var store nok til å gje bønder inntekter på høgde med andre yrkesfolk.

I konsesjonslova i 1974 vart eldre forkjepsreglar samla i eit sett med generelle reglar for fast eigedom. Mellom anna vart forkjepsreglane i jordlova overførte til den nye konsesjonslova. Dei vart utvida ved at dei heretter skulle gjelda alle slag transaksjonar og alle typar fast eigedom. Men forkjepsrett kom først på tale når det var konstatert konsesjonsplikt, elles ikkje. Dessutan miste kommunane sin forkjepsrett når det galdt skog og dyrka mark.¹⁰⁵

Alt i alt representerte reglane i konsesjonslova lite nytt. I det meste var dei henta direkte frå tidlegare lovgjeving eller dei representerte kodifisering av etablert rettspraksis. Under stortingsbehandlinga var det breitt samtykke om grunnprinsippa. Men partiet Høgre presenterte nokre særstandpunkt. Mellom anna gjekk partiet mot dei vide fullmaktene lova gav styresmaktene, først og fremst staten, jamvel om dei fleste eigedomsoverdragane – odelsjord i fremste rekke – framleis var konsesjonsfrie.

¹⁰³ (1) Austenå 1976, s. 71, (2) Lidtveit 1979, s. 741f.

¹⁰⁴ *Arden*, temahefte nr. 1 – «*Konsesjonsloven i praksis*», Landbruksdepartementet 1981, s. 2.

¹⁰⁵ Knudsen 1980, s. 160f.

5.2 Revisjonen av odelslova i 1974

Ved kgl. res. 10. april 1953 vart *Sivillovbokutvalet* nedsett til å arbeida ut framlegg til lover for tingsretten og panteretten og til nye lovføresegner for odels- og åsetesrettane. I serien av rådsegner frå dette utvalet er nr. 10 tilrådinga om dei materielle reglane i dei to sistnemnde rettane. Arbeidet vart lagt fram som NOU 1972:22 i april 1972.¹⁰⁶ Vi skal sjå nærare på nokre sentrale og dels kontroversielle detaljspørsmål i denne innstillinga, diskusjonen om dei, om regjeringsproposisjonen som følgde og stortingsdebatten som knytte seg til han.

5.2.1 Trengst ei odelslov?

I utgangspunktet drøfta utvalet det *prinsipielle spørsmålet om odelsretten burde stå ved lag*, og konkluderte med at *«ei sterk overvekt av grunnar talar for å halde (han) oppe»*. Hovudelementet i odelsretten, innløysingsretten, hadde hatt ei sterk forankring i norsk tradisjon og allmenn rettskjensle, meinte utvalet. Retten inspirerte til å styrkja forvaltaransvaret og -moralen til beste for brukarfamilien og etterslekta. Dessutan fylte retten viktige funksjonar *«som ikkje kan stettast på fullnøyande vis gjennom lovgjevinga elles»*. Gjennom åra hadde han motverka spekulasjon og hatt ein prisdempande effekt ved omsetning av jord. Utvalet meinte også at odelsretten kunne knyta ungdom sterkare til næringa.

Uheldige verknader av odelsretten, slik han var fastlagd i 1821-lova med seinare revisjonar, var også lett synlege. Ikkje minst kunne løysingsretten misbrukast. Fleire av reglane etter den 150 år gamle lova hadde dessutan vore til hinders for den strukturrasjonaliseringspolitikken i bondenæringa som både staten og fagorganisasjonane hadde fremja i etterkrigstida.

Men utvalet fann altså ikkje at ulempene rokka ved grunnlaget for odelsinstituttet. Dei let seg bøta på ved regelendringar. *«Dette kan gjerast samstundes som ein tek vare på det mest verdfulle ved denne særmerkte retten»*. Utvalet såg det som si fremste oppgåve å finna løysingar som best mogeleg harmoniserte intensjonar, lovtekst og bruk av lova. Alle høyringsinstansane til rådsegn 10 gjekk inn for å halda odelsretten ved lag – med eit knapt fleirtal på 7 av 13 styremedlemer også Norske Kommuners Sentralforbund.¹⁰⁷

5.2.2 Kva skal kvalifisera for status som odlingsjord?

I spørsmålet om *kva areal og eigedomar odelslova skulle gjelda for*, var utgangspunktet etter den gjeldande odelslova 'Jord paa Landet'. Dette var sjølve kriteriet på odlingsjord – utan nærare arealavgrensing. Ifølgje tidlegare rettspraksis hadde eigedomar ned til 2,5 daa dyrka jord tilfredsstilt dette kravet.¹⁰⁸ I *Sivillovbokutvalet* sitt framlegg til revidert § 1 heiter det at *«Odelsrett kan hevdist til fast eigedom som kan nyttast til landbruksdrift (...)»*. I § 2 er den nedre arealavgrensinga spesifisert: Eit fleirtal i utvalet sette grensa ved 15 daa dyrka jord, mindretallet ved 10 daa.¹⁰⁹

Etter høyringsrunden viste det seg at alle spurde instansar gjekk inn for ei nedre arealgrense for odlingsjord. Faglaga Norges Bondelag, Norges Skogeierforbund, Skogbruksforeningen av 1950 og eit mindretal av fylkeslandbruksstyra stødde

¹⁰⁶ Ot. prp. nr. 59 1972–73, s. 1–4.

¹⁰⁷ sst. s. 5–6.

¹⁰⁸ Rygg og Skarpnes 1975, s. 15–16.

¹⁰⁹ Ot. prp. nr. 59 1972–73, s. 7.

fleirtalssynet, medan dei fleste fylkeslandbruksstyra gjekk inn for standpunktet til mindretalet i utvalet, dvs. ein minsteareal på 10 daa. Fylkesmennene i dei to grannefylka Telemark og Aust-Agder var samde om at *prosessøkonomiske* omsyn tala for å setja norma til 10 daa, fordi bruk ned mot 10 daa var jordbruksjord og dermed odlingsjord etter det tradisjonelle synet i mange bygder. Ein kunne derfor rekna med ei rekke tvistemål for domstolane om minstegrensa etter fleirtalssynet skulle bli lov. Også Norsk Bonde- og Småbrukarlag hadde dette momentet med i sin argumentasjon. Laget meinte dessutan at jordbruksjord over 5 daa burde reknast som odlingsjord om det var så mange lunnende/herlegdomar til bruket at dei samla tilsvara 10 daa.¹¹⁰

På grunnlag av innstillinga og høyringsfråsegnene kom Landbruksdepartementet fram til å tilrå 10 daa som nedre arealgrense. Då innstillinga om odelsretten og åsetesretten kom til sluttbehandling i Stortinget 7. juni 1974, var justiskomiteen samstemt om arealgrensene 10 daa jordbruksjord og 100 daa rein, produktiv skogeigedom. Men komiteen opna for at også areal mellom 5 og 10 daa jordbruksjord kunne reknast som odlingsjord om den 'produksjonsmessige verdien' til saman tilsvara minst 10 daa reint jordbruksareal. Det viste seg at framlegget frå departementet ikkje skapte kontroversar i Stortinget.¹¹¹ Paragraf. 2 i den nye lova stadfester komiteen si innstilling.

5.2.3 Kor mange odelsrettshavarar?

Sivillovbokutvalet gjorde framlegg om ei *innsnevring i odelskrinsen*. Etter den gjeldande lova hadde alle som ætta frå den som opphavleg odla eigedomen odelsrett. Ofte galdt dette svært mange. «*Det er i seg sjølv ingen naturleg skipnad*», meinte utvalet. Det var ikkje rimeleg eller føremålstenleg at ein fjern slektning, til dømes ein bymann utan tilknytning til jordbruksnæringa, skulle kunna løysa inn eigedomen og skuva til side ein person som var både kunnig og motivert for å driva garden. Det sjølvgejevne utgangspunktet for utvalet var at odelsretten burde gjelda så langt som slektskjensle og personleg tilknytning til eigedomen nådde. Ein kom til den same konklusjonen som i proposisjonen om odelslovrevisjonen i 1907. Der heiter det m.a. at ein etterkomar etter odlaren «*kun (var) odelsberettiget, saafremt nogen af hans bedsteforældre, forældre eller forældres søskende har eiet jorden med odelsrett*». Ein rekna med at det var personar innan denne snevrare krinsen som allment kunne kjenna seg meir eller mindre knytte til odelsbruket. I 1907 fall dette framlegget i Stortinget, men i 1974 var den same, sterke odelskrinsavgrensinga ukontroversiell. I nynorsk språkdrakt er § 8 i den nye lova identisk med framlegget i 1907.¹¹²

Usekje skulle det derimot bli om to andre punkt i framlegget til endringar i odelskrinsen. Det eine var stridsspørsmålet om born fødte utanfor ekteskap, det andre om adopterte, skulle ha odelsrett.

Etter den gjeldande lova hadde den første gruppa odelsrett med vanleg prioritet til mora og morslekta sin(e) odelseigedom(ar). Men med mindre faren hadde lyst barnet i kull og kjønn, vanta det odelsrett til denne slektsida. Spørsmålet var emosjonelt ladd, og Sivillovbokutvalet tok midt på treet: Fleirtalet (5 av 7) gjorde framlegg om at

¹¹⁰ sst. s. 8.

¹¹¹ Stortingstidende 1973–74, 8. del, s. 797ff.

¹¹² (1) sst. s. 11–12, (2) Stortingstidende 1973–74, 8. del, s. 796ff. Sjå også Rygg og Skarpnes 1975, s. 31. Her er det vist til at bl.a. Norges Bondelag og Landbruksdepartementet gjekk inn for avgrensa krinsen av odelsborne på same måte som i unntaksregelen for forkjøpsrett etter konsesjonslova § 6, nr. 1 (tidlegare i jordlova § 11), dvs. ut frå slektskap med *den aktuelle eigaren*. Hovudinnvendinga mot dette fleksible odelskrinsprinsippet var at det braut med den rettstradisjonen som sikra den som var fødd med odelsrett, høve til å gjera retten gjeldande før rettstap.

utanekteskaplege born skulle ha odelsrett også etter far og farsslekt når a. faren ved skriftleg fråsegn har tilkjent barnet denne retten (som i prinsippet korresponderer til kull- og kjønnslysing) og b. når barnet har vakse opp hos far eller på den aktuelle odelsgården. Mindretalet (2 av 7) meinte derimot at det skulle gjelda lik rett uavhengig av ekteskapsstatus til foreldra. Høytingsinstansane såg ulikt på spørsmålet. Ikkje uventa tilrådde Bondelaget og Bondekvinnelaget fleirtalsframlegget, medan Forbrukar- og administrasjonsdepartementet, Norske Kommunars Sentralforbund og advokatforiningen gjekk inn for mindretalssynet. Blant fylkesmennene og fylkeslandbruksstyra var meiningane delte. I proposisjonen følgde departementet opp synet til mindretalet, slik også representantfleirtalet gjorde, då proposisjonen kom til debatt og røysting i Stortinget. Berge Furre (SV), formann i landbrukskomiteen, samanlikna på si side posisjonane i denne saka med kontroversane då dei castbergske barnelovene vart debatterte i 1915. Frå motstandarhald heitte det *då* at arverett for born utanfor ekteskap var eit trugsmål mot familien som institusjon. Motstandarane tapte i voteringa ved det høvet. No tala motstandarane på den same oppstemte måten om 'ættegarden' som dei gjorde om 'familien' 60 år tidlegare, meinte Furre. I 1974 var ikkje oppløyste ekteskap lenger uvanleg blant gardbrukarfolk, med den konsekvensen at fleire barn fekk oppveksten sin borte frå garden der far budde. Skulle skilsmissebarn mista odelsretten av den grunn? var det retoriske spørsmålet frå Furre. For Bjørn Unneberg (Sp), formann i justiskomiteen, fall det derimot rimeleg å sjå utanekteskaplege borns odelsrett i høve til deira tilknytning til garden. Han stødde derfor fleirtalssynet i justiskomiteen, som var samanfallande med majoritetssynet i Sivillovbokutvalet. I alt røysta eit mindretal på 24 i Odelstinget for dette standpunktet. Men om fleirtalet for lik rett var solid i Odelstinget, var det desto mindre i Lagtinget. I det største stridsspørsmålet i proposisjonen røysta 20 for og 19 mot i dette kammeret, som dermed var delt om lag på midten. Men born utanom ekteskap vann altså odelsrett etter far og farsslekt på line med halvsysken. Det einaste vilkåret var at farskapet var fastsett eller vedgått – i samsvar med § 4 i arvelova.¹¹³

Adoptivborn hadde tidlegare ikkje hatt odelsrett etter adoptivforeldra og deira slekt. Rett nok hadde adoptivlova reglar (§ 17) som gjorde det mogeleg for adoptivborn å ta over adoptivforeldra sin odelsgard. Vilkåret var at barnet hadde budd på eigedomen i minst 10 år etter adopsjonen eller, om barnet ikkje hadde fylt 10 år – frå fødselen. I den nye odelslova vart det slått fast at adopterte skulle ha den same odelsretten som andre har, ikkje berre etter adoptivforeldra, men etter heile slekta. Dette spørsmålet verka ikkje kløyvande i opinionen eller i den lovgjevande forsamlinga slik odelsrettssituasjonen for dei utanom-ekteskaplege arvingane gjorde. Medan eigenfødde fekk odelsprioritet frå fødselstidspunktet, vart adopsjonstidspunktet avgjerande for adopterte. Den adopterte sin odelsrett til eigedom i barnet si eiga, biologiske slekt skulle falla bort ved adopsjonen.

5.2.4 Likestilling jente – gut

Sivillovbokutvalet og departementet (Ot. prp. 59 (1972–73), § 12) gjorde framlegg om ei endring i odelsrekkefølgja som vart omstridd i bygdeopinionen og blant lov-gjevarane om lag på line med spørsmålet om odelsrett til born fødde utanfor ekteskap. Framlegget braut klart med eldre rett ved at *dei to kjønna vart likestilte*. Sivillovbokutvalet argumenterte med at den rådande rettskjensla i samtida tala for at jente vart likestilt med gut også odelsrettsleg. Jamvel om utvalet meinte at det kunne tenkjast omsyn som tala for å vidareføra den odelsrettslege kjønnsdiskrimineringa,

¹¹³ (1) Stortingsforhandlingar 1973–74, 8. del, s. 796ff., (2) Rygg og Skrapnes 1975, s. 35.

fann det ikkje grunn god nok til å bryta prinsippet om jamstelling mellom kjønna, som det elles vart lagt vekt på i lovgjevinga.

Under høyringa markerte bondeorganisasjonane ei konservativ haldning. Bondelaget uttalte m.a. at likestilling «*ville medføre en usikkerhet omkring yrkesvalg i mange bondefamilier*». Skogeierforbundet kunne ikkje slutta seg til framlegget fordi det var eit for sterkt brot med tradisjon og praksis. Ikkje heilt uventa vende også fleirtalet av dei organiserte bondekvinne tomme ned. Norges Bondekvinne lag skipa til røysting i lokallaga om dette og andre spørsmål i innstillinga frå Sivilløvbokutvalet. Ein tredel av medlemene, ca. 10 000, deltok. Av desse røysta 43 % for jamstelling mellom kjønna og 57 % mot. I 12 av 17 fylke var det fleirtal mot jamstelling. Men i utprega fiskeri- og kombinasjonsbruksfylke, som Møre og Romsdal, Nordland og Troms, meinte fleirtalet at gut og jente burde stillast likt. I dei nord-norske fylka var dette synet mest einerådande. Dette viser endå ein gong at odelsrett knapt har vore ei berande norm i dei fleste bygdelag på kysten, slik den nemnde undersøkinga frå slutten av 1890-talet også stadfester. I desse områda hadde kvinner hatt ansvaret for heim, jord og buskap medan mennene var på sjøen. Etter den siste verdskrigen vart det stendig meir slik at den av borna som vart buande heime, fekk ta over småbruket om han eller ho hadde interesse for det. Odelsretten var knapt relevant i det heile.¹¹⁴ Avviklinga av leiglendingstilhøve og stendig fleire sjølveigarar i kystjordbruket gjennom dei siste hundre åra hadde endra lite på dette. Men om dei knytte mindre prestisje til jordbruk, jordeige og odell på kysten, akta dei meir på odelslov og tradisjonell suksessjon på gardsbruk i distrikt der jordbruk i stor mon var einenæring og bondefolket sjølveigarar. Her var driftsansvaret delt mellom kone og mann gjennom heile årssyklusen, og dei to estimerte garden og jordbruket høgre enn i hushald der utbyttet av jorda berre var ein del av hushaldsøkonomien. Når eit fleirtal av dei organiserte bondekvinne sørpå stilte seg negative til kjønnsjamstillinga, ligg ein del av forklaringa i at jordbruk alltid hadde vore eit *delt ansvar* mellom mann og kone. På heimebanen hadde det ikkje vore noka eintydig maskulin styring. Kona hadde hatt makt og innverknad – ikkje berre innomhus, men også i driftsøkonomiske spørsmål. Først og fremst galdt dette februket, delvis også når det galdt driftsopplegget i det heile. Det delte ansvaret mellom ektefellene for å halda livsgrunnlaget til hushaldet vedlike av det eine felles bruket – og det naudsynt langsiktige investeringsperspektivet i denne primære næringa – er viktige aspekt ved den sterkare vørndnaden for suksessjonsreglane etter dei eldgamle slektsrettane også blant kvinnene. Patriarkalsk dominans kan ikkje åleine gje tilfredsstillande forklaring på at fleirtalet av dei organiserte bondekvinne i dal- og breibygder sørpå gjorde felles sak med mennene sine i likestillingsspørsmålet.¹¹⁵

Då regjeringa Korvald fremja proposisjonen, dissenterte statsrådene Eika (V) og Moxnes (Sp) på dette punktet. I stortingsdebatten tala representantar for Høgre, DNA og SV for likestilling. Fleirtalet i Senterpartiet heldt på den gamle skipnaden, medan synet i KrF-gruppa var delt. Ragnhild Queseth Haarstad (Sp) erklærte seg prinsipielt samd med stortingsfleirtalet og gjekk inn for likestilling mellom kjønna. Men ho erkjente at odelslova og prioritetsreglane i henne hadde eit djupt ankerfeste i bondemiljø over store delar av landet. Det ville ta tid å endra haldningar som var så sterkt røtte i lang tradisjon. Overgangstida burde derfor ikkje bli for kort. Framlegget om å la dei nye prioritetsreglane gjelda alle fødte etter 1.1.1965 – som innebar 10 år tilbakeverkande

¹¹⁴ Gjerdåker 1995, s. 362–363.

¹¹⁵ Dei nye suksessjonsreglane var vanskelege å handtera i mange år enno. Etter 1974 var odelslova eit ikkje-tema i Norges Bondekvinne lag – til kvinner og odelslov kom opp som tema på eit organisasjonskurs i 1982 (Dragsund 1995, s. 115).

kraft, slutta ho seg ikkje til.¹¹⁶ Bergfrid Fjose (KrF) såg heller ikkje på dette som ei endefram og grei sak. Ho kjende hug til å gå til forsvar for det mindretalet ho var prinsipielt usamd med. Men når alt kom til alt, burde likestillingsprinsippet følgjast i odelsretten, meinte Fjose, som la til at «*i dag vil ei odelsjente førebu seg til yrket sitt gjennom utdanning og praksis*». Fjose kunne ikkje skjøna at bandet til ættegarden ville bli veikare om det var ei jente som skulle føra tradisjonen vidare.¹¹⁷

Då det kom til votering, slutta eit stort fleirtal opp om likestillingsparagrafen – i Odelstinget 82 for og 10 mot. Med unntak for tronfølgjerekka var med dette den siste kjønnsdiskriminerande regelen i det norske lovverket fjerna, som det også vart sagt. I § 12 i den nye lova heiter det m.a.: «*Av etterkomarane til odlaren går eldre sysken føre yngre med seg og si line, om ikkje anna går fram av eller blir fastsett med heimel i lova*». Etter § 78 gjeld dei nye prioritetsreglane dei som er fødte etter 1.1.1965. Men § 21 i lova opnar for unntak frå suksisjon etter dette kognatiske eldsterettsprinsippet: «*Vil ein odelsrettshavar løyse ein eigedom på odel frå ein yngre bror eller syster som har overtatt den av foreldra, kan retten nekte løysing, når det etter det som ligg føre ville vere klårt urimeleg om den eldre fekk drive den yngre bort*». Dersom den eldre til dømes har vore fråverande i lenger tid og driv eit anna yrke vedkomande har utdana seg for, skal han/ho ikkje utan vidare kunna driva bort ei yngre syster eller bror som har vore heime, hjelpt til på garden og førebudd seg til yrket. Konflikhtar har kome til rettsleg prøving i slike saker i seinare år. Men meir allment har problema blitt løyste minneleg. Ei fersk undersøking tyder på fleksibilitet heller enn på ein rigid eldsterettspraksis i samband med generasjonsskifte i landbruket. I eit utval på 79 yngre brukarar hadde berre ein tredel (i alt 27) den beste odelsretten blant syskena.¹¹⁸

I leiarkommentaren 11. juni 1974 seier *Adresseavisen* seg «*for en gangs skyld*» samd med Berge Furre (SV), som meinte at det fanst knapt noka næring med så stort kvinneinnslag som jordbruket. Det var i det heile vanskeleg å reisa innvendingar mot likestillingsparagrafen i lova. Leiarskribenten hadde då også funne argumenta frå motstandarane i Sp og KrF lite overtydande. I leiaren «*En bedre odelslov*» 10. juni 1974 tok *Nationen* ei midt-på-treet-haldning til problemet og meinte tillitsfullt at «*det skjer nok ikke noe galt om likestillingen blir innført på de premisser som nå blir vedtatt*». For til vanleg ordna suksisjonen seg minneleg og til det beste. Og dessutan var ikkje jordbruk så attraktivt at særleg mange kjende seg privilegerte ved å ta over ein gard, meinte leiarskribenten. Det kunne han ha god grunn til å meina, slik krava til avkasting hadde auka og pessimismen breidd seg i næringa i åra før opptrappinga. Bruksstrukturutviklinga er eitt uttrykk for dette. I 1960-åra vart 45 % av dei minste småbruka (5–20 daa) nedlagde, av dei større (20–50 daa) 27 %.¹¹⁹

5.2.5 Bu- og driveplikt

Ei viktig nyordning i odelsretten var innføringa av reglar om bu- og driveplikt for eigaren. Forresten 'nyordning'? I framlegget frå lovkomiteen som førebudde odelslova i 1821, les vi: «*Det udkræves ikke til at erhverve Odelsræt, at Eieren selv besidder eller bruger Jorden; men vil en Odelsbaaren, som ikke er Eier, gjøre sin Odelsræt gjældende imod en Fremmed, eller fjernere odelsberettiget Eier, da kan*

¹¹⁶ Stortingsforhandlinger 1973–74, 8. del, s. 819.

¹¹⁷ sst. s. 824.

¹¹⁸ Stubberud og Samseth 2000, s. 19. – Utvalet er lite og representativiteten usikker.

¹¹⁹ Gjerdåker, B. 1995, s. 101–102.

dette kun skee, naar den Odelsbaarne selv vil besidde og bruge Jorden».¹²⁰ Vilkåret var altså ikkje nytt i prinsippet, om normfestet i lov ikkje kom før i 1974. Med andre ord vurderte Sivillovbokutvalet dette spørsmålet på tilsvarande måte: «*Kravet om buplikt tek i første rekkje sikte på å halde ute ein odelsløysar som ikkje har noko aktuell tilknytning til jordbruksnæringa og som heller ikkje ved løysinga tek sikte på å få det. Kravet er meint å skulle hindre slikt som at ein aktiv næringsdrivande bonde skal måtte vike for ein som vil bruke eigedomen til feriestad og som har betre odelsrett*». Om innhaldet i kravet om driveplikt la ikkje utvalet noko «ufråvikeleg påbod om at odelsløysaren personleg og eigenhendig skal stå for gardsdrifta. (...)». Derimot lyt påbødet tolkast slik at drifta må skje *for løysingsmannen si rekning*. Realitetsinnhaldet i driveplikta vert då eit forbod mot forpaktning i 5 (10) år, (...)».¹²¹

Etter jordlova 1955 (§ 53) hadde eigaren plikt til å halda dyrka jord i hevd. Det impliserte at kvar brukar også hadde driveplikt. Men denne plikta kvilte ikkje på brukaren personleg – han kunne pakta bort eigedomen eller sørgja for at andre heldt han i drift. Intensjonane med dei særlege drivepliktskrava i odelslova 1974, slik dei er uttrykte i §§ 27–29, var først og fremst desse: Jamvel om kravet om å *bu* på eigedomen kan seiast å vera det viktigaste av dei to, innebar kravet om å bruka jorda ei *aktiv* driveplikt. Det doble kravet i lovframlegget var meint å skjerma næringa mot investorar som ikkje hadde tanke om å driva jordbruk, men nytta den odla eigedomen som feriestad og eventuelt pakta bort jordvegen. Dette målet harmonerte med grunntanken i odelsinstituttet, slik utvalet tolka det – å verna eigedomsretten til den jorda bondefolk sjølve driv og har til heim. Sanksjonar – ris bak spegelen – vart spesifiserte: Dersom odelsrettshavaren ikkje oppfyller vilkåra i § 27, kan andre med odelsrett til eigedomen søkja bruket løyst (§ 28). Det kommunale jordstyret og fylkeslandbruksstyret skal føra kontroll og senda melding til departementet om brot på krava (§ 29).

På vegner av Høgre-medlemene i justiskomiteen presenterte Gerd Kirste i odelstingsdebatten framlegg om eit tillegg til § 27, der det heiter at «*Buplikt gjeld likevel ikkje om den som tek over eigedomen er i slekt med siste eigaren i rett opp- eller nedstigande line*». Ved røystinga fall dette framlegget mot Høgre-røystene. Dei andre paragrafane om bu- og driveplikta vart vedtekne anten samrøystes (§ 28) eller med dissens (§ 29). Etter dette skal den som tek over ein eigedom ved odelsløysing, ha plikt på seg til å busetja seg på eigedomen innan eitt år og driva han i 10 år. Den som tek over på odelsrett, pliktar å driva i 5 år. Etter søknad kan departementet gje dispensasjon, heilt ut eller for ei tid.

5.2.6 Odelslovrevisjonen i 1974 – sluttkommentarar og konklusjonar

Den nye odelslova vart stadfest 28. juni 1974, med verknad frå 1.1.1975. Hevdstida på 20 år vart vidareført (§ 7). Foreldingsfristen sette lovgjevarane ned frå 3 til 2 år (§ 40). Desse to basiselementa i odelsinstituttet vart altså lite skipla. Endringane kom først og fremst på tre felt – i *odelskrinsen*, i *suksesjonsrekkefølga* og i *dei 'nye' krava til eigaren*. Det var ikkje lenger tidhøveleg å vidareføra det vide, uavgrensa ætteomgrepet i den nye lova. Knappt nokon såg noka god meining i at ein fjern slektning utan bakgrunn i næringa skulle ha høve til å gjera krav på garden ved odelsløysing og såleis driva ein kvalifisert og jordbruksorientert brukar bort. Dess

¹²⁰ Sjø Stortingsforhandlingar 1973–74, 8. del, s. 815. Prinsippet er også nedfelt i lov om erverv av dyrka mark 10. des. 1920, som gav kommunane ein forkjøpsrett. Men retten galdt ikkje overfor innanbygdsbuande eller nordmenn elles som erklærte at dei ville bu på og driva eigedomen. (Knudsen 1980, s. 159–160).

¹²¹ NOU 1972:22, s. 71–72.

fjernare slekt, dess nærare ligg dei reint økonomiske motiva for å ta over, var eit av argumenta for å sanera odelskrinsen. Kravet om at brukaren skulle bu på garden og driva han, vart grunngeven dels med dei same argumenta. Hovudintrykket til stortingsfleirtalet var at eigaren som ikkje budde på odelseigedomen og dreiv han sjølv, heldt garden i dårlegare hevd enn der det fulle forvaltaransvaret var på eigarhender. Med åra hadde dessutan tiltak mot tendensen til stendig fleire ferie- og fritidsinvesteringar i gardsbruk blitt meir aktuelle. Med den akselererande struktur-omlegginga og bruksnedlegginga var det eit paradoksalt krav at alle bruk over 10 daa jordbruksjord, ja, jamvel ned mot 5 daa under visse føresetnader, skulle brukast av eigar. Det hadde jo vore eit jordbrukspolitisk mål gjennom meir enn tjue år at fleire småbruk burde ut av produksjon. I åra frametter måtte følgjene bli stendig meir jordleige – og dermed måtte *driveplikta* i det kombinerte kravet om å bu og driva tonast ned – forutan flittig bruk av dispensasjonsreglane.

Om kjønnslikestillinga og å inkludera adopterte og born fødde utanfor ekteskap i odelskrinsen, var det meir delte meiningar. Fleirtalet kunne nytta eit arsenal av gode, etisk grunngevene argument i ordstriden. Det var både rettferdig og rimeleg at kvinner nådde jambyrdig status med menn også i denne rettssamanhengen. Først og fremst aksepterte ikkje likestillingsforkjemparar og kvinner i fremre posisjonar i samfunnet – som til dømes stortingsrepresentantar – forfordelinga lenger. Dessutan var det brei semje om at kvinners rolle i bondenæringa alltid hadde vore stor og dels større enn menns. I kystjordbruksbygder hadde kvinners posisjon vore sentral meir allment – også utover bruk og heim. Med ansvar og arbeidsinnsats såleis fordelt, skulle det mangla om ikkje odelsretten vart lik for kvinne og mann. Men kvar tyngdepunktet enn låg i dei einskilde tilfella: Kone og mann hadde eit *fellesansvar* for gardsdrifta, og slik hadde det vore gjennom hundreåra. Mot denne bakgrunnen godtok mange bondekvinner den agnatiske suksesjonsordninga, kva motførestillingar eller ambivalens den einskilde enn hadde til denne kjønnsdiskriminerande rettsregelen.

Men familiejordbruket spelte ut rolla si gjennom 1950- og 1960-åra, då den allsidige heimeproduksjonen veik for ny teknologi og spesialisering. Mange arbeidande hender vart overflødige ved at det som var att av den mangslungne heimeforedlinga av feprodukt, vart flytt ut og overført til slakteri, m.m. Bondelivet som *livsform* var på vikande front; i den korporativt regulerte bondeøkonomien fekk jordbruket eit stendig sterkare preg av *rasjonalisert næring*. Ferieordninga for bønder, som vart sett verk frå 1976 og 50 % finansiert over statsbudsjettet, var eitt av fleire karakteristiske uttrykk for dette skiftet.¹²² I det lengste hadde grensene mellom ørk og helg, arbeid og fritid vore flytande i bondeheimen. No fekk eigenverdien og kvaliteten i den utspalta fritida eit institusjonelt stempel også for bondefolk. Den statlege delfinansieringa var dessutan eit klårt uttrykk for at dei ikkje lenger var reint sjølvstendig næringsdrivande.

Eit talande normativt uttrykk for strukturrasjonaliseringa i næringa er nedfelt i stortingsmelding nr. 64 (1963–64). Eit av dei overordna måla i meldinga var å sikra at årsinntekta på eit tidsmessig og rasjonelt drive bruk vart stort nok til å gje full sysselsetjing til *ein* vaksen person året rundt. Mot denne bakgrunnen kan ein også sjå på likestillingsparagrafen i 1974-lova som ein sein *modernitetskonsekvens* av omskipinga i norske jordbruk: Med Østerberg er basiselementa i moderniteten *rasjonalitet, framstegstru* og framhevinga av det *frie individet*.¹²³ Slik den økonomiske og kulturelle utviklinga i næringa hadde skride fram gjennom

¹²² Gjerdåker 1995, s. 424.

¹²³ Østerberg 1999, s. 11.

etterkrigstida, kan ein seia at jamstillinga i 1974 var fornuftig og framtidsretta. Det einiskilde individet – kvinner på lik line med menn – kom i framgrunnen og det tradisjonelle gardskollektivet gleid ut av fokus.

For adopterte og utanomekteskaplege born galdt det sterke moralske argument for likebehandling som korresponderte til kjønnsdiskrimineringsspørsmålet. Fleire sambuarskap og auke i talet på samlivsbrot – også i bondefamiliar – gjorde det desto meir urimeleg å forfordela born utanom ekteskap. Motstandarargument om at likebehandling i slike saker ville skapa 'ugreie' o.l., fall på steingrunn. Med odelsrett for adopterte og utanomekteskaplege born var ei utvikling mot juridisk rettferd fullført på brei front.

5.3 Konesjonslov, odelslov og driveplikt

Prinsippet om bu- og driveplikt, som vi kjenner frå odelslova §§ 27–29, kom først inn i konesjonslova (§ 6). Ved konesjonspliktige overdragingar – til kjøparar som ikkje var nære slektningar, med andre ord i tilfelle der odelslova var uaktuell – skulle det takast særlege omsyn m.a. til «*om erververen vil ta fast bopel på eiendommen for selv å drive den*» (§ 8, nr. 2). I lovførearbeida er det ikkje nærare spesifisert kva som ligg i desse krava. Det synest likevel rimeleg å tolka innhaldet i slektskapsregelen i denne lova på tilsvarande måte som heimelen i odelslova §§ 27–29.¹²⁴

Reglane om bu- og driveplikt i dei to lovverka baud på tolkingsproblem, først og fremst i samband med *jordsameige*. Ein del proforma sameiger vart etablert i tida rett før konesjonslova vart sett i verk 1. jan. 1975 – berre i Tokke kommune i Telemark så mange som 200. I dei aller fleste tilfella var intensjonen å unngå bu- og driveplikta når sameige seinare gjekk over til eineeige. Dei uheldige følgjene av denne omgåinga var fleire: Drifta kunne bli komplisert ved fleire brukarar til den eine eigeiendomen – 'jo fleire kokkar, dess meir søl'. Dessutan kunne landbruks-eigedomar bli overførte til byfolk med einast fritidsinteresser i bruket, og omgåinga av konesjonsplikta gav grunnlag for kompliserte rettsaker, som ikkje minst aktualiserte spørsmålet om kva som eigenleg *er* proforma-avtalar. Ei lovending i mai 1978 sette langt på veg ein slå for denne opninga for å omgå regelverket. Etter dette skulle ikkje dei som tileigna seg sameigepart lenger ha konesjonsfridom for bu- og driveplikt.¹²⁵

Reglane i konesjonslova § 6 og odelslova §§ 27–29 er rettslege konsekvensar av den norma – delt av dei aller fleste i det rikspolitiske miljøet – som seier at den som eig også skal driva jord- eller skogeigedomar. Her er det eit samanfall i ideologi og intensjon mellom dei to lovene. Sivillovbokutvalet såg bu- og driveplikta som særleg relevant i samband med *odelsløysing*, der det som oftast er tale om å fordriva ein som har teke over eigeiendomen for å bu og bruka han. Misbruk av løysingsretten ville ein kunna hindra eller i alle fall hemma med heimel i desse rettsreglane. Krava er ikkje like relevante i samband med odels- og åsetesrett på arveskifte. Men utvalet gjorde likevel framlegg om tilsvarande reglar også ved transaksjonar innan den nære slekta – i harmoni med konesjonslova.¹²⁶

¹²⁴ Rygg og Skarpnes 1975, s. 83–85.

¹²⁵ Knudsen 1980, s. 108–109, 123–124.

¹²⁶ Ot. prp. nr. 59 1972–73, s. 25.

5.4 Driftseiningar og driftsareal i jordbruket 1969–1999

Strukturutviklinga i landbruket i den siste mannsalderen syner visse trekk som profilerer kontinuitet gjennom femti år og andre som aksentuerer akselererande endringar. Vi skal i korte trekk fokusera på nokre aspekt ved utviklinga som har særleg relevans til odelsinstituttet og lovgjevinga om jordforvaltinga elles.

5.4.1 Brukstal

Saneringa av bruksstrukturen i jordbruket er ei lang og tydeleg line gjennom heile den norske etterkrigshistoria. Talet på driftseiningar fall frå 213 500 i 1949 til 198 500 i 1959 – ein nedgang på 7 %, og vidare til 155 000 i 1969 – ned 22 % på ti år.¹²⁷ Avgangstendensen frå 1960-talet heldt fram gjennom den siste mannsalderen av 1900-talet, slik tabell 5.1 viser.

Tabell 5.1 Tal driftseiningar etter jordbruksareal. 1969, 1979, 1989, 1999

r	Totalt	5–49 daa	50–99 daa	100–199 daa	200–299 daa	300–499 daa	500 daa og over
1969	154 977	88 481	42 240	17 938	3 922	1 900	496
1979	125 302	62 017	32 716	21 632	5 652	2 576	709
1989	99 382	37 031	24 969	25 330	7 928	3 266	858
1999	70 740	14 517	16 720	22 286	10 367	5 273	1 577

Tabellen syner at det samla brukstalet gjekk ned til under det halve på dei tretti åra fram til tusenårsskiftet. Talet på småbruk (einingar under 50 daa) krympa til om lag 1/6, mindre bruk (50–99 daa) til om lag 2/5, av 1969-nivået gjennom perioden. Mellomstore driftseiningar (100–199 daa) auka noko i tal fram til 1989, men minka det siste tiåret. Med den store avgangen i dei mindre bruksgruppene var det likevel denne gruppa som var størst i 1999. Større og store bruk auka monaleg i tal frå låge utgangspunkt i 1969.

Dei regionale variasjonane syner seg ved at den samla avgangen i brukstal var godt under landsgjennomsnittet i det nedre austlandsområdet, Rogaland og Nord-Trøndelag og langt over gjennomsnittet i Nord-Noreg. I Østfold gjekk til dømes det samla brukstalet tilbake frå 5 750 i 1969 til 3 600 i 1999. For Troms var dei tilsvarende tala 8 850 (1969) og 2 050 (1999). På Austlandet var reduksjonen i brukstalet langt sterkare i det siste tiåret enn i dei to første; over resten av landet var avgangen meir jamt fordelt over trettiårsperioden.¹²⁸

5.4.2 Jordleige

I tidlege etterkrigsår brukte berre eit lite mindretal av bøndene areal attåt det som høyrde til egne bruk. Vi ser ei karakterendring på dette feltet i den siste mannsalderen før 2000. Talet på driftseiningar med leigearreal var stabilt gjennom perioden. Jordbruksteljingane viser at det låg på knapt 39 000 bruk både i 1979, 1989 og 1999. Ettersom det samla talet på driftseiningar vart nesten halvert på desse tjue åra, auka dermed den *relative* delen av bruk med leigearreal mykje i perioden. Samstundes auka driftsarealet til leige med 40 % –

¹²⁷ Hegrenes, Agnar i *Landbruksøkonomisk forum* nr. 2–2001, s. 23.

¹²⁸ Jordbrukstelling 1999, tabell nr. 1, SSB 2000 (internettversjon).

frå 1 940 000 daa i 1979 til 3 240 000 daa i 1999. Arealtalet frå 1999 representerer 31 % av det samla jordbruksarealet (10 460 000 daa) i landet.¹²⁹

Det var ein klår samanheng mellom avgangen i driftseiningar og omdisponeringa av det ledige arealet: Talet på dei som leigde jordbruksareal var det same, men kvar brukte i gjennomsnitt tendensielt større areal, dvs. fleire nedlagde bruk, gjennom perioden. Omfanget auka langt sterkare i 1990-åra enn tiåret før.¹³⁰

I dei seinare tiåra har jordleige vore mest utbreidd lengst sør og nord i landet. I agderfylka og i Nord-Noreg varierte det leigde arealet mellom 30 og 37 % av det samla jordbruksarealet i drift i 1989. I austlandsområdet var den tilsvarande variasjonen 20–26 %. Lågast tal hadde Nord-Trøndelag (15 %), Sogn og Fjordane (17 %) og Rogaland (18 %).¹³¹ I år 2000 hadde arealprosenten til leige stige til 50 % i Aust-Agder og til 46 % i Vest-Agder og Troms. Som tidlegare hadde Nord-Trøndelag og Rogaland dei lægste høvetala, men dei hadde gått opp også her – til 23 % i trøndelagsfylket og 24 % i Rogaland.¹³²

Leigearealutviklinga er ikkje eit særnorsk fenomen. I dei andre nordiske landa er tilstanden på dette området tilsvarande det norske. I dansk jordbruksstatistikk finn vi til dømes at 'tilforpagtet areal' var knapt 25 % av det samla jordbruksarealet i 1997¹³³ – nær samanfallande med det norske høvetalet dette året.

5.4.3 Eigedomar og driftseiningar, eigarskap og odelsrett

Medan talet på driftseiningar gjekk kraftig tilbake, har det vore mindre endringar i det samla talet på jordeigedomar over 5 daa. I landbruksteljinga i 1979 vart det registrert 182 372 jordbrukseigedomar over 5 daa, i 1989 var talet 171 655.¹³⁴ Pr. 01.08.2001 er ikkje dei tilsvarande taloppgåvene for 1999 ferdige frå SSB. Truleg er avgangen frå 1989 til 1999 tilsvarande den for perioden 1979–89, eller litt større. I 1979 svara talet på driftseiningar (125 302) såleis til 69 % av alle jordbrukseigedomane i dei tilsvarande arealgruppene, medan høvetalet for 1989, då det absolutte talet på driftseiningar var 99 382, var 58 %. Det samla talet på eigedomar har m.a.o. vore litt fallande, men svært stabilt i høve til kvantitetsutviklinga på driftseiningar.

Dei aller fleste landbrukseigedomar i landet er eigd av einskildpersonar. Høvetalet har falle lite over dei siste tjue åra. Også ved utgangen av 1990-talet var over 90 % personlege eigarar – både i høve til det samla talet på eigedomar og til talet på driftseiningar.¹³⁵ Etter 1989-teljinga hadde om lag ein firedel av desse personlege eigarane bruk som høyrde til dei minste (<20 daa).

I jordbruksstatistikken i 1992 går det fram at av 17 000 spurde eigarar av bruk i drift hadde 88 % eigedomar med odel.¹³⁶ 1999-teljinga er under bearbeiding. Så langt (pr. 060901) ligg det føre tal for fem fylke – Hedmark, Oppland, Vestfold, Buskerud og Telemark. Av desse skilde Hedmark seg ut med 78 % brukarar med

¹²⁹ Budsjettnemnda for jordbruket – *Resultatkontroll for gjennomføringen av landbrukspolitikken*, juni 2001, s. 162–166.

¹³⁰ Jordbrukstelling 1999, tabell nr. 5, SSB 2000 (internettversjon).

¹³¹ NOS C 24 – Landbruksteljing 1989, hefte IV Jordbruk, s. 15.

¹³² Budsjettnemnda for jordbruket – *Resultatkontroll for gjennomføringen av landbrukspolitikken*, juni 2001, s. 162–166.

¹³³ Danmarks Statistik – *Landbrugsstatistik 1997*, tabell 2.2., s. 28.

¹³⁴ NOS C 23 – Landbruksteljing 1989, hefte I Eigedomar – arealressursar, s. 70.

¹³⁵ Sjø m.a. (1) NOS C 23 – Landbruksteljing 1989, hefte I Eigedomar – arealressursar, s. 13 og (2) Jordbrukstelling 1999, tabell 15, SSB 2000 (internettversjon).

¹³⁶ St. meld. nr. 19 (1999–2000), s. 120.

odelsrett. I alle dei andre fire fylka låg dette høvetalet omkring 86 %.¹³⁷ Tek vi høgd for overdragingar av bruk som det ikkje hefter odel på, går truleg omkring 90 % av norske bruk i arv innan familien i våre dagar.

På den andre sida har ein stigande del av dei driftseiningane som har bytt eigarhender i dei siste åra før millenieskiftet, blitt overtekne utan odel – i perioden 1995–99 så mange som 23 % av i alt 9 000. Det er for det meste dei små bruka som blir omsette på den frie marknaden.¹³⁸ I strok av landet – først og fremst i bygdelag austpå – har etterspørselen etter små bruk vore større enn tilbodet, og med den følgjande prisutviklinga har dette fremja sal ut av slekta.

5.5 Politiske reguleringsgrep gjennom ti ar til 2001

Kunnskapen om den aukande avstand mellom talet på brukseiningar i drift og det samla brukstalet over 5 daa og den vedvarande høge prosentdelen eigedomsoverdragingar innan den nære slekta aktualiserte fleire problem for styresmaktene: Korleis kunne ein framover fremja sentrale landbrukspolitiske mål – som livskraftige produksjonsmiljø, spreidd busetnad og ei rasjonell og ’berekraftig’ utvikling i jordbruket? Kor langt verka odelslova til å ’lukka’ landbruksnæringa og kva endringar i lov og reglar kunne i så fall motverka denne tendensen? Korleis kunne konsesjons- og jordlovene reviderast for å fremja dei landbrukspolitiske måla på ein betre måte?

Oppgåver frå jordbruksteljinga i 1999 viser at nær halvdelen av det leigde arealet vart leigd utan skriftlege kontraktar mellom partane og ein stor del av avtalane var kortvarige.¹³⁹ Utover avtalelova har det ikkje funnest lovreglar som regulerer tilhøvet mellom grunneigar og leigar. Det har følgd ulemper med dette tilstandet; i partstilhøvet mellom eigar og leigar har det vore ei ulempe for den sistnemnde. Avtalar på kort sikt har gjort det vanskeleg å leggja gode driftsplanar. Langsiktige avtalar ville fremja ei betre forvaltning av kulturlandskapet og arealressursane enn dei kortare. I stortingsmelding nr. 19 (1999–2000) «*Om norsk landbruk og matproduksjon*» møtte departementet utfordringane på dette feltet med framlegg om at jordleigeavtalar i prinsippet burde vara i minst 10 år. Dette var i samsvar med framlegg i St. prp. nr. 8 (1992–93) «*Landbruk i utvikling*», som eit fleirtal i landbrukskomiteen då ikkje hadde hatt innvendingar i mot.¹⁴⁰ Det vart også peika på reglar for å hindra vanhevd.¹⁴¹ Etter departementssynet fekk vanhevsregelen eit meir ’realistisk’ innhald i den nye jordlova i 1995 ved at han vart knytt til areal som «*som kan gi grunnlag for lønnsom drift*». Denne lova gav også heimel for å ileggja tvangsgebyr for betre å sikra ei gjennomføring av vedtektene om både vanhevd, arealomdisponering, drift og forbodet om deling.¹⁴² Det vart også lempa på krava til driveplikt i konsesjonslova, slik at eigarar skulle kunna oppfylla driveplikta ved å leiga jordbruksareala sine bort som tilleggsjord til andre jordbrukseigedomar i minst

¹³⁷ Jordbrukstelling 1999 (internettversjon), tabell 4.5 – «*Personlige brukere som eier hovedbruket, etter odelsrett og kjønn*»

¹³⁸ Stubberud og Samseth – *Slekter kommer, slekter går – om generasjonsskifte i landbruket*, NILF-rapport 2000:4.

¹³⁹ Jordbrukstelling 1999, tabell nr. 5, SSB 2000 (internettversjon)

¹⁴⁰ Innst. S. nr. 92 (1992–93).

¹⁴¹ Innst. S. nr. 167 (1999–2000), 5. Virkemidler, s. 14.

¹⁴² Innst. O. nr. 36 (1994–95), I. Sammendrag, s. 2–3.

Om deling av jordbrukseigedomar heiter det i § 12 i jordlova i 1995: «*Eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk kan ikkje delast utan samtykke frå departementet*». Juridisk innebar denne passusen også ei styrking av åsetesretten.

10 år. Føresetnadene var at leigeavtalane vart skriftlege og at dei kunne føra til driftsmessig gode løysingar.¹⁴³

Alt hausten 1995 la næringskomiteen i Stortinget fram innstilling O. nr. 7 (1995–96) om endring i lov om odels- og åsetesrettane m.m. Framlegga i innstillinga om nedkorting av foreldingsfristen frå 2 til 1 år (§ 40) og ei skjerping av delingsforbodet i jordlova vart vedtekne 13. desember same året.¹⁴⁴ I merknadene frå komitéfleirtalet heiter det at halveringa av foreldingsfristen er fornuftig, fordi det vil fremja snøggare avklaringar av handel med odelsjord – eit argument vi kjenner frå debattane på 1800-talet. Endringa var no ei mogen frukt i det rikspolitiske miljøet. Karakteristisk nok røysta berre éin komitémedlem mot – representanten frå SV, som viste til merknader frå høyringsinstansar, særleg til dei frå Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Han såg framlegget som ei svekking av odelsretten og som ein del av ein strategi for å mjuka opp eigarstrukturen i næringa – i harmoni med Alstadheimutvalet si innstilling og St. prp. nr. 8 (1992–93) «*Landbruk i utvikling*».

I den nemnde stortingsmelding nr. 19 (1999–2000) tilrådde departementet å setja ned eit utval til å vurdera verknadene av odelslova i høve til kvinnerekuttering til bondeyrket, til 'lukking' av næringa og til lokalt eigarskap og busetjing i distrikta.¹⁴⁵ Næringskomiteen slutta seg til framlegget og la til at utvalet «*særleg bør vurdere om kretsen av odelsberettigede bør innskrenkes og om løsningsfristen bør bli kortere*». Det var komitémedlemene frå Høgre som ved dette høvet uttrykkeleg tala for vern om odelsinstituttet. Dei hadde merka seg at «*representanter både for den nåværende og forrige regjeringen har tatt til orde for endringer i odelsloven. Det er bl.a foreslått at fristen for å kreve odels skal reduseres fra ett år til seks måneder og å innskrenke odelsretten til livsarvinger*». Hovudargumenta til høgrepreressantane var at odelsretten fremja slektstilhøyrse og dermed langsiktig tenking om bruksplan og -økonomi, i tillegg til det vernet odelslova gav den private eigedomsretten.¹⁴⁶

Departementet arbeider med mandatet til og samansetjinga av dette utvalet, som enno (01.08.01) ikkje er operativt. Men landbruksmeldinga i 1999 opna også for verkemidlar som kunne setjast i verk straks. I innstilling O. nr. 61 (2000–01) er dei spesifiserte, og dei er vedtekne i Besl. O. nr. 76 (2000–01). Dei viktigaste endringane i konsesjonslova var at stat og kommunar *miste forkjøpsretten*. I stortingsmelding nr. 19 er spørsmålet vurdert. Departementet erkjente at mange såg på forkjøpsretten som både urimeleg og uturvande. Sjølv etter at den såkalla 'angrefristen' kom inn i konsesjonslova § 15 ved lovendring i 1983, vanta denne offentlege retten legitimitet. Gjennom åra er dessutan få bruksstrukturelle endringar oppnådde ved hjelp av forkjøpsretten, fordi mange seljarar har drege salet tilbake og få forkjøp er blitt effektuerte i det heile. Talmateriale for året 1997 frå åtte fylke viser at berre om lag 10 % av alle førebudde forkjøpssaker vart gjennomførte i praksis.¹⁴⁷ I staden satsa stortingsfleirtalet no på frivillige kjøp og ei styrking av Jordfondet for å letta finansieringa av slike kjøp. Ved endringar i jordlova §§ 6 og 13 fekk departementet samstundes større ekspropriasjonsfullmakter til å fremja overføring av jordbruksareal som tillegg til eksisterande jord- og skogbrukseigedomar.

Kriteria på konsesjonsfridom og odlingsjord etter konsesjons- og odelslovene vart reviderte. Som nemnt hadde fleirtalet i Sivillovbokutvalet i 1972 framlegg om å

¹⁴³ (1) Innst. O. nr. 36 (1994–95), IV. Komiteens tilråding, s. 6, (2) Besl. O. nr. 46 (1994–95), dat. 28. mars 1995.

¹⁴⁴ Besl. O. nr. 25 (1995–96).

¹⁴⁵ St. meld. nr. 19 (1999–2000), s. 120–121.

¹⁴⁶ Innst. S. nr. 167 (1999–2000), 5. Virkemidler, s. 11.

¹⁴⁷ Aanesland og Holm 2000, s. 122.

setja den nedre grensa for odlingsjord ved 15 daa jordbruksareal. Framlegget vann ikkje fleirtal på tinget då. No (Besl. O nr. 76) fastsette Odelstinget den nye grensa både for odlingsjord (odelslova § 2) og konsesjonsfritt jordbruksareal (konsesjonslova § 5) ved 20 daa.¹⁴⁸ Dessutan kom omsynet til busetjinga inn som eige punkt i føremålsparagrafen til konsesjonslova (§ 1, nr. 5), og buplikta vart innskjerpa (odelslova § 27).

¹⁴⁸ Vi siterer følgjande frå Besl. O.nr. 76 (2000–2001) – Lov om endringer i konsesjonsloven og odelsloven m.v. (opphevelse av forkjøpsrett og heving av arealgrenser):

«I lov 31. mai 1974 nr. 19 om konsesjon og om forkjøpsrett for det offentlige ved erverv av fast eiendom (konsesjonsloven) gjøres følgende endringer:

(...)

§ 6 første ledd nr. 1 annet punktum skal lyde:

Når det gjelder jord- og skogbrukseiendommer over 20 daa, er konsesjonsfriheten betinget av at erververen bosetter seg på eiendommen innen ett år og selv bebor og driver den i minst 5 år.

(...)

I lov 28. juni 1974 nr. 58 om odelsretten og åsetesretten gjøres følgende endringer:

§ 2 første ledd skal lyde:

Ein eigedom blir rekna som odlingsjord når anten jordbruksarealet er minst 20 daa, eller det høyrer til så mykje anna areal, rettar og lunnende at den produksjonsmessige verdi tilsvarar minst 20 daa jordbruksareal».

5.6 Oppsummerande om hevdstida og foreldingsfristen fra mellomalderen til 1995

Hevdstida	Preskripsjonsfristen (foreldings-/løysingsfristen)
Etter Gulat.lova var hevdstida 6 generasjonar, etter Frostat.lova 4, etter landslova 1274 4 el. 60 ar, etter Christian IVs norske lov 3 el. 30 ar.	I Christian IVs lov vart fristen redusert fra 60 til 30 ar,
I Christian Vs n. lov redusert til 20 ar, ved forordning 14. januar 1771 til 10 ar.	i Christian Vs norske lov fra 30 til 20 ar, og i forordninga 14. jan. 1771 vidare 15 ar. ned til
Denne hevdstida vart stadfest ved forordn. 05.04.1811 og i 1821-lova. Ved lov 28. sept. 1857 vart hevdstida lengd til 20 r.	I 1811 vart han nedkorta til 5 ar og denne fristen vart gjeldande også i odelslova 1821. I 1857 vart sa fristen redusert til 3 ar.
Seinare har hevdstida ikkje vore endra.	Ved lov nr. 9 30. juni 1932 vart han lengd til 5 ar, slik han var i tiara før 1857. Gjeldskrisa i landbruket gav grunn til denne forlenginga. Endringa skulle ikkje vara lenger enn til utgangen av 1939 «med mindre loven blir fornyet». Ved lov nr. 4 16.06.1939 vart femarsfristen vidareført til utgangen av 1942, preskripsjonsfristen atter 3 ar. vart
